



Innkalling  
av  
Levekårsutvalet

**Møtedato:** 25.04.2017  
**Møtestad:** Nordhordlandshallen, kantina  
**Møtetid:** 12.00

Eventuelle forfall må meldast til Nora Gjerde per tlf. 56 37 50 00, sms til 95 85 11 71 eller per epost til nora.gjerde@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

**Orienteringar:**

kl. 12.15 -Ungdata v/kommunalsjef Kristin Moe

-Forprosjekt vikarpool Oppvekst v/kommunalsjef Kristin Moe

ca kl. 12.45 -Forstudie regionalt kulturhus i Knarvik-framdrift v/kultursjef Øyvind Stang og konsulent Rune Håndlykken

ca kl. 13.15 -Kartlegging og verdisetting av friluftsområder og turskiltprosjektet v/kultursjef Øyvind Stang, BOF og avd.leiar Frivilligsentralen Per Ole Ekker

**Sakliste**

Saknr	Tittel
024/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
025/17	Godkjenning av møteprotokoll – 21.03.2017
026/17	Skriftleg målform i opplæringa av vaksne framandspråklege ved Lindås vaksenopplæring
027/17	Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Lindås kommune
028/17	Ny formulering av opningstider i alkoholpolitisk plan del II
029/17	Bustadsosial handlingsplan 2017 -2021
030/17	Byggeprogram ny Alversund skule – SAKA ETTERSENDES

18. april 2017

Asle Hetlebakke  
møteleiar

Nora Gjerde  
møtesekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
024/17	Levekårsutvalet	PS	25.04.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	17/1097

## Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

Saksopplysningar:

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
025/17	Levekårsutvalet	PS	25.04.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	17/1097

## Godkjenning av møteprotokoll

### 32T

Protokoll - Levekårsutvalet - 21.03.2017

Møteprotokollen vert godkjent

## Saksopplysningar:



## Møteprotokoll for Levekårsutvalet

**Møtedato:** 21.03.2017  
**Møtestad:** Nordhordlandshallen, kantina  
**Møtetid:** 12.00 - 15.10

Orienteringar:

- Prosjektplan barnehage på Lindås v/prosjektleder Inger Marie Jordal
- Klimasatssøknader v/prosjektleder Inger Marie Jordal

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Asle Hetlebakke	KRF	Utvalseiar
Stina Cook-Mongstad	AP	Nestleiar
Vetlemøy Wergeland	KRF	Medlem
Leidulv Brunborg	AP	Medlem
Ingeborg Myksvoll	SP	Medlem
Anita Bakken	MDG	Medlem
Øystein Reidar Moldeklev	FRP	Medlem
Olav Magnus Steinsland	H	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Arne Eikefet-prosjektleder, Frøydis Ones-avdelingsleder Plan, Inger Marie Jordal-prosjektleder Drift eigedom, Kristin Moe-kommunalsjef for oppvekst, Ragna Midtbø-einingsleder Grunnskule, Therese Urdahl Braseth-einingsleder Eigedom, Øyvind Stang-einingsleder Kultur, Irene Wilhelmsen-ingeniør Veg, Nora Gjerde-sekretær

---

### Sakliste

---

Saknr	Tittel
015/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
016/17	Godkjenning av møteprotokoll
017/17	Høyring - Vedtektsendringar Stiftinga Bjørn West museet
018/17	Ny skule Eikanger/Kløvheim - moglege tomter, revidert
019/17	Forprosjekt ny Knarvik barneskule

- 020/17 Skriftleg målform i opplæringa av vaksne framandspråklege ved Lindås vaksenopplæring
- 021/17 Høyring av planforslag - Regional transportplan Hordaland 2018-2029
- 022/17 Regional areal og transportplan for Bergensområdet 2017 - 2028 (RATP) - til begrensa høyring
- 023/17 Godkjenning av "Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020"

### **015/17: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent

### **21.03.2017 LEVEKÅRSUTVALET**

Ingen merknader, samrøystes.

#### **LE - 015/17 VEDTAK:**

Innkalling og saksliste er godkjent

---

### **016/17: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent

### **21.03.2017 LEVEKÅRSUTVALET**

Ingen merknader, samrøystes.

#### **LE - 016/17 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå møte - 21.02.2017 er godkjent.

---

**017/17: Høyring - Vedtektsendringar Stiftinga Bjørn West museet**

**Rådmannen sitt fråmlegg til vedtak**

Levekårsutvalet sluttar seg til forslag om vedtekstendringar for Stiftinga Bjørn West museet.

.....

**21.03.2017 LEVEKÅRSUTVALET**

Orientering til saka v/einingsleiar Kultur-Øyvind Stang

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**LE - 017/17 VEDTAK:**

Levekårsutvalet sluttar seg til forslag om vedtekstendringar for Stiftinga Bjørn West museet.

.....

---

**018/17: Ny skule Eikanger/Kløvheim - moglege tomter, revidert**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Rådmannen rår til å jobbe vidare med lokasjon 7 – Kløvheim, lokasjon 4 – Liavatnet, lokasjon 1 – Fyllingsnes og alternativ A som ligg innanfor lokasjon 5.

## **20.03.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek orienteringa til etterretning.

Samrøystes vedteke.

### **RMNF - 012/17 UTTALE:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek orienteringa til etterretning.

## **21.03.2017 LEVEKÅRSUTVALET**

Orientering til saka v/prosjektleiar Drift Inger Marie Jordal

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **LE - 018/17 UTTALE:**

**Uttale i Levekårsutvalet - 21.03.2017:**

Ingen merknader.

---

## **019/17: Forprosjekt ny Knarvik barneskule**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Formannskapet godkjenner forprosjektet slik det ligg føre

## **20.03.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Rådet har fått ei god orientering. Me tek orienteringa til etterretning.

Samrøystes vedteke.

**RMNF - 010/17 UTTALE:**

Rådet har fått ei god orientering. Me tek orienteringa til etterretning.

**21.03.2017 LEVEKÅRSUTVALET**

Orientering til saka v/einingsleiar Eigedom Therese Urdahl Braseth

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**LE - 019/17 UTTALE:**

**Uttale i Levekårsutvalet - 21.03.2017:**

Formannskapet godkjenner forprosjektet slik det ligg føre

---

**020/17: Skriftleg målform i opplæringa av vaksne framandspråklege ved Lindås vaksenopplæring**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Lindås vaksenopplæringa held fram med å gje skriftleg opplæring på bokmål.

**21.03.2017 LEVEKÅRSUTVALET**

Orientering til saka v/kommunalsjef Kristin Moe

**Framlegg frå Ø. Moldeklev-Frp:**



Saka blir utsett og blir tatt til behandling i kommunestyret.

Famlegget fekk 2 røyster og fall (Ø. Moldeklev-Frp, O. Steinsland-H)

#### **Fellesframlegg v/Stina Cook-Mongstad-Ap:**

*Saka vert å utsetje. Levekårsutvalet bed om meir informasjon kring:*

- *Tal elevar frå dei ulike kommunane og vedtak kring målform i desse.*
- *Kostnader med erfaring frå fleire enn Voss kommune og tydlegare redegjering for summane.*
- *Er det erfaring med valfrihet?*
- *Høyring blant innvandrarane sjølve*
- *Tilgjengeleg læremateriell*
- *Er brev frå klubben representativ for alle?*

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

#### **LE - 020/17 INNSTILLING:**

##### **Innstilling i Levekårsutvalet - 21.03.2017:**

Saka vert å utsetje. Levekårsutvalet bed om meir informasjon kring:

- Tal elevar frå dei ulike kommunane og vedtak kring målform i desse.
- Kostnader med erfaring frå fleire enn Voss kommune og tydlegare redegjering for summane.
- Er det erfaring med valfrihet?
- Høyring blant innvandrarane sjølve
- Tilgjengeleg læremateriell
- Er brev frå klubben representativ for alle?

---

#### **021/17: Høyring av planforslag - Regional transportplan Hordaland 2018-2029**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Lindås kommune har følgjande hovudkommentarar til planforslaget til Regional transportplan (RTP) for Hordaland 2018 – 2029, - sjå elles vurderinga i saka:

1. RTP må ha større tyngde som innspelsdokument til Nasjonal transportplan når det gjeld

ny E39 gjennom nordre Åsane.

2. RTP må i samarbeid med Staten påta seg ansvar for å framskande utviklinga av ein framtidsretta kollektivtransport på fjordsystemet i Bergensområdet.
3. RTP må sterkare definere punktutbetningsopplegget på fylkesvegane for å få til enkle og avgrensa lokale løysingar med stor vekt på kostnadseffektivitet.
4. RTP må sterkare omtale og prioritere eit innfartsparkeringsopplegg som bygger opp under eit framtidig kollektivtilbod i områder med spreidd busetnad.

.....

### **20.03.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Rådet peikar på: I RTP må følgande vise igjen som prioriteringar i handlingsprogrammet - viser til punkt om særlege RMNF-tema.

Samrøystes vedteke.

#### **RMNF - 013/17 UTTALE:**

Rådet peikar på: I RTP må følgande vise igjen som prioriteringar i handlingsprogrammet - viser til punkt om særlege RMNF-tema.

### **21.03.2017 LEVEKÅRSUTVALET**

Ettersendt sak "Høyring av planforslag - Regional transportplan Hordaland 2018-2029" vart handsama i møte.

Orientering til saka v/prosjektleiar Arne Eikefet

#### **Fellesframlegg, tilleggspunkt til rådmannen sitt framlegg:**

- *Lindås kommune vil ha støtte for å gjera om f.v. 57 Knarvik-Mongstad til riksveg. Grunngeving: På denne vegen er det stor trafikk i samband med industrien i*

*Mongstadorrådet.*

*Ein ønskjer å styrke universelt utforma samferdsle og helsefremjande samfunnsplanlegging.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

## **LE - 021/17 UTTALE:**

### **Uttale i Levekårsutvalet - 21.03.2017:**

Lindås kommune har følgjande hovudkommentarar til planforslaget til Regional transportplan (RTP) for Hordaland 2018 – 2029, - sjå elles vurderinga i saka:

1. RTP må ha større tyngde som innspelsdokument til Nasjonal transportplan når det gjeld ny E39 gjennom nordre Åsane.
2. RTP må i samarbeid med Staten påta seg ansvar for å framskande utviklinga av ein framtidretta kollektivtransport på fjordsystemet i Bergensområdet.
3. RTP må sterkare definere punktutbetningsopplegget på fylkesvegane for å få til enkle og avgrensa lokale løysingar med stor vekt på kostnadseffektivitet.
4. RTP må sterkare omtale og prioritere eit innfartsparkeringsopplegg som bygger opp under eit framtidig kollektivtilbod i områder med spreidd busetnad.
5. Lindås kommune vil ha støtte for å gjera om f.v. 57 Knarvik-Mongstad til riksveg. Grunngeving: På denne vegen er det stor trafikk i samband med industrien i Mongstadorrådet.
6. Ein ønskjer å styrke universelt utforma samferdsle og helsefremjande samfunnsplanlegging.

---

**022/17: Regional areal og transportplan for Bergensområdet 2017 - 2028 (RATP) - til begrensa høyring**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

<SKRIV INN RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG HER (mellom overskriften og prikkelinja)>

.....

### **20.03.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

RMNF ønsker at det må sikrast at det vert teke med i retningslinjene. God tilgjengelighet og universell utforming. Alle områder skal være tilgjengelig for alle mennesker i alle livsfaser.

Samrøystes vedteke.

### **RMNF - 011/17 UTTALE:**

RMNF ønsker at det må sikrast at det vert teke med i retningslinjene. God tilgjengelighet og universell utforming. Alle områder skal være tilgjengelig for alle mennesker i alle livsfaser.

### **21.03.2017 LEVEKÅRSUTVALET**

Ettersendt sak "Regional areal og transportplan for Bergensområdet 2017-2028 (RATP) - til begrensa høyring" vart handsama i møte.

Orientering til saka v/avd.leiar Plan Frøydis Ones

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **LE - 022/17 UTTALE:**

#### **Uttale i Levekårsutvalet - 21.03.2017**

Ingen merknader.

.....

### **023/17: Godkjenning av "Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020"**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Kommunestyret vedtar «Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020» slik den ligg føre med dei endringar og vurderingar som er lagt fram i denne saka.

.....

### **21.03.2017 LEVEKÅRSUTVALET**

Ettersendt sak "Godkjenning av "Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020" vart handsama i møte.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **LE - 023/17 UTTALE:**

#### **Uttale i Levekårsutvalet - 21.03.2017:**

Ingen merknader.

-----

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
020/17	Levekårsutvalet	PS	21.03.2017
026/17	Levekårsutvalet	PS	25.04.2017
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ragna Midtbø	16/351

## Skriftleg målform i opplæringa av vaksne framandspråklege ved Lindås vaksenopplæring

### Vedlegg:

Til lokalpolitikarane i Lindås EMålform vaksenopplæringa -tilleggsopplysningar  
Skriv med signatur til politikarane i Lindås

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås vaksenopplæringa held fram med å gje skriftleg opplæring på bokmål.

### Levekårsutvalet - 020/17

#### LE - behandling:

Orientering til saka v/kommunalsjef Kristin Moe

#### Framlegg frå Ø. Moldeklev-Frp:

Saka blir utsett og blir tatt til behandling i kommunestyret.

Famlegget fekk 2 røyster og fall (Ø. Moldeklev-Frp, O. Steinsland-H)

#### Fellesframlegg v/Stina Cook-Mongstad-Ap:

*Saka vert å utsetje. Levekårsutvalet bed om meir informasjon kring:*

- *Tal elevar frå dei ulike kommunane og vedtak kring målform i desse.*
- *Kostnader med erfaring frå fleire enn Voss kommune og tydlegare redegjering for summane.*
- *Er det erfaring med valfrihet?*
- *Høyring blant innvandrarane sjølve*
- *Tilgjengeleg læremateriell*
- *Er brev frå klubben representativ for alle?*

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

#### **LE - vedtak:**

#### **Innstilling i Levekårsutvalet - 21.03.2017:**

Saka vert å utsetje. Levekårsutvalet bed om meir informasjon kring:

- Tal elevar frå dei ulike kommunane og vedtak kring målform i desse.
- Kostnader med erfaring frå fleire enn Voss kommune og tydlegare redegjering for summane.
- Er det erfaring med valfrihet?
- Høyring blant innvandrarane sjølve
- Tilgjengeleg læremateriell
- Er brev frå klubben representativ for alle?

#### **Saksopplysningar:**

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

#### **Bakgrunn**

I interpellasjon den 27.10.16 frå Lindås senterparti ved Anna Valle, vart ordføraren beden om å fremje ei sak med sikte på vedtak om at nynorsk skal vere opplæringspråk ved vaksenopplæringa i Lindås frå hausten 2017.

Lindås kommune har, i likheit med mange andre kommunar i landet, aldri slått fast kva målform opplæringa ved vaksenopplæringa skal ha. Frå starten av norskopplæringa av framandspråklege har det utvikla seg ein praksis med opplæring med bokmål som skriftleg målform. Fleire nynorsk kommunar behandlar tilsvarande sak no. I samband med saksbehandlinga i Lindås har ei gruppe vore ein studietur til Voss vaksenopplæring for å lære om deira erfaringar med å gå over frå bokmål til nynorsk for denne gruppa.

Lindås vaksenopplæring gjev opplæring for vaksne etter Introduksjonslova og etter

Opplæringslova §4-1. Undervisninga i norsk og samfunnsfag, definert i Introduksjonslova § 4, er delt inn i 3 spor.

Spor 1 er tilrettelagt for deltakarar som har liten eller ingen skulegang . Opplæringa har langsam progresjon. For analfabetar er det tilbod om ein alfabetiseringsmodul før ordinær opplæring.

Talet elevar på Spor 1 har auka i Lindås dei siste to åra.

Spor 3 er tilrettelagt for deltakarar som har god almennutdanning. Opplæringa har rask progresjon.

To gonger i året vert det arrangert sentralt gitte norskprøvar for deltakarane. Prøvane er både munnlege og skriftlege og er tilgjengelege på både bokmål og nynorsk. Ein melder seg opp til prøvar etter nivå A1–A2, nivå A2–B1 eller nivå B1–B2

Bestått nivå B2 gjev rett til å søkje på høgare utdanning. Frå 1.januar 2017 må dei som søker om norsk statsborgarskap dokumentere norsk munnleg ferdigheiter på minimum nivå A2, bestått prøve i samfunnskunnskap og gjennomført opplæring.

Lindås vaksenopplæring har i dag 14 grupper som får undervisning etter Introduksjonslova, 6 av desse gruppene er på nivå A1 og 3 av dei følgjer Spor 1-2. Skulen har 3 grupper som får undervisning etter Opplæringslova §4-1.

I [Nasjonal kompetansepolitisk strategi](#) signert 3. februar 2017, er strategipartane (Regjeringsrepresentantar, partane i arbeidslivet, frivillig sektor representert ved Vaksenopplæringsforbundet) blant anna enige om å (ibid s. 23):

1. *Gi fleksibel opplæring på voksnes premisser med sikte på raskere overgang til arbeid eller vidare opplæring og at flest mulig voksne får anledning til å ta videregående opplæring.*

4. *Målrette og effektivisere norskopplæring, introduksjonsprogrammet og øvrige kvalifiseringstiltak for innvandrere. Styrke samarbeidet mellom myndighetene og partene om dette arbeidet.*

Opplæringslova (§ 4-1) seier

*Dei som er over opplæringspliktig alder, og som treng grunnskoleopplæring, har rett til slik opplæring, så langt dei ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1. Retten til opplæring omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskoleopplæring for vaksne. Opplæringa skal tilpassast behovet til den enkelte.*

Opplæringslova (§2-5) om språkform i grunnskulen seier: *Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke.*

.....

*Når minst ti elevar på eitt av årstrinna 1-7 i ein kommune ønskjer skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, har dei rett til å tilhøre ei eiga elevgruppe. Retten gjeld så lenge det er minst seks elevar igjen i denne gruppa.*

**Rundskriv Udir – 3-2012 Voksnes rett til grunnskoleopplæring etter opplæringsloven kapittel 4A** seier dette om i kva grad rettane i Opplæringslova for grunnskuleelevar gjeld for vaksne:

«Voksne som har rett til grunnskoleopplæring, har ikke fått rettighetene til særskilt tilrettelegging lovfestet på samme måten som barn og ungdom i den ordinære grunnskoleopplæringen. Den eneste særskilte tilretteleggingen som er lovfestet for voksne, er retten til spesialundervisning etter § 4A-2. Dette betyr imidlertid ikke at den voksne ikke kan ha tilsvarende rettigheter som barn og ungdom har. Det er uttrykkelig sagt i Ot. prp. nr. 44 (1999-2000) på side 4 at voksne kan ha tilsvarende rettigheter, og at voksnes rett til et tilpasset opplæringstilbud

*vil mellom anna kunne omfatte målform, opplæring i og på teiknspråk, i punktskrift, i og*



*på samisk og (i) finsk, samt tilbud for dei som trenger lese- og skriveopplæring. Dette gjeld berre i den grad det er nødvendig for at den vaksne kan få forsvarleg opplæring. På denne bakgrunnen vil vaksne som hører til desse gruppene, ikkje få tilboda regulerte gjennom meir presise reglar, slik som elevar i opplæringspliktig alder.»*

Det blir vidare sagt at kommunen kan sjå på tilsvarande rettar for barn og ungdom for å avklare kva som vil vere aktuelle rettar for dei vaksne, og målform er skissert som ei aktuell rett for vurdering.

Lindås kommune har ikkje avklart kva rettar vaksne som får opplæring ut frå Opplæringslova § 4-1 skal ha. På Voss fekk elevane som skulle avleggja grunnskuleeksamen for vaksne velja hovudmål slik grunnskuleelevar gjer. Praksis ved Vaksenopplæringa i Lindås er at elevar som skal opp til grunnskuleeksamen har bokmål som skriftleg hovudmål og får fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål (nynorsk) etter § 3-22 i forskrift til opplæringslova.

Lindås kommune har nynorsk som administrasjonsspråk og som hovudmål i grunnskulane. Det står i Opplæringslova § 2-5 Målformer i grunnskolen, at hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8.årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke. Foreldra vel målform i lærebøkene til elevane til og med 7.årstrinnet. Frå og med 8.årstrinnet vel elevane sjølv. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet.

Skuleåret 2017-18 vil Lindås kommune ha (pr dato) 79 minoritetsspråklege elevar i grunnskulen i Lindås. Av dei har 35 nynorsk som hovudmål og 44 bokmål. Bokmål som hovudmål er særleg knytt til dei tre ungdomsskulane ved overgangen til 8. trinn, eller at eleven kjem til kommunen i løpet av ungdomsskuletida, nokre med litt opplæring på bokmål frå annan stad i landet. På barneskulane har til saman 15 barn bokmål som hovudmål. Dette gjeld elevar ved Knarvik barneskule og Alversund skule, som har eigne bokmålsklassar.

#### **Ulike alternativ:**

Rådmannen vil i det følgjande skissere tre ulike alternativ for organisering av opplæringa ved Lindås vaksenopplæring, knytt til målføre. Dei tre alternativa er å gå over til nynorsk som målform, halde fram med dagens ordning eller la det vere opp til elevane å ta valet sjølv.

- 1. Elevane ved Lindås vaksenopplæring får opplæring i norsk med nynorsk som skriftleg målform. Endringa blir sett i verk frå hausten 2017 for nye elevar.**

#### Vurdering/konsekvensar kommunalt.

- Dei vaksne får svakare rettar enn barn og ungdom når det gjeld å velje målform for opplæringa si. Etter opplæringslova § 2-5 kan elevar i grunnskulen velje skriftleg målform sjølv.
- Målforma i vaksenopplæringa vil samsvare med målforma i Lindås kommune og dei andre Nordhordlandskommunane elevane ved Lindås vaksenopplæring kjem frå. Eit unntak er at det også kjem elevar frå Bergen Nord.
- Foreldre med barn i grunnskulen som får opplæring med nynorsk som hovudmål vil unngå forvirring og kan lære og hjelpe kvarandre utan mistydingar.

- Elevar i grunnskulen som har bokmål som opplæringsmål, vil då få opplæring i ei anna målform enn foreldra.
- Framandspråklege som busett seg i distrikta i kommunane vil oppleve større samsvar mellom talemål og skriftspråk og dette kan fremje læringa og integreringa.

### Vurdering/konsekvensar for den einskilde vaksne

Å innføre endringa frå hausten 2017 for alle, vil føre til at elevar må skifte målform midt i opplæringsløpet, noko som vil vera uheldig for den enkelte si læring. Omlegginga bør difor fasast inn slik at elevar får fullføre opplæringa på den målforma dei har starta. Voss kommune la om etter vedtak i desember 2015, og har hatt ei innføring over to år.

Elevar ved vaksenopplæringa som ønskjer å få opplæringa på nynorsk, kan få høve til å gå over til nynorsk på eit tidlegare tidspunkt.

Valet kommunen gjer, kan kjennast feil for den vaksne det gjeld både i forhold til at dei ønskjer å lære «fleirtalsspråket» som er brukt over heile landet; fordi det passar best med framtidsplanane dei har; eller fordi dei bur i Knarvik/Alversundområdet der nynorsk står svakare. Dei kan også ha starta opplæringa si på ein annan stad i landet på bokmål, eller vere busett i Bergen.

Å bli fråtatt retten til å velje sjølv kan påverka motivasjon og innstilling til læring.

I ein overgangsfase vil gruppene bestå av elevar som både har bokmål og nynorsk som skriftleg målføre, tilsvarande som i ungdomsskulen i dag. Dette kan verke forvirrande for nokre elevar. Alfabetiseringsgruppene bør i så fall ha eigne grupper for bokmål/nynorsk i overgangsperioden.

### Konsekvensar for målretta og effektiv norskopplæring

Lindås vaksenopplæring har ikkje hatt opplæring med nynorsk som målform før og leiinga ved skulen var med til Voss for å høyre om deira erfaringar. Der vart det blant anna sagt at kvaliteten på opplæringa vert svært avhengig av den enkelte lærar sin evne til å skaffe læremiddel og oversetje frå bokmål. Dei strevde med å halde på felles praksis og rapporterte om mykje omsetjingsarbeid frå bokmålslærebøker og meirarbeid med å lage lytteøvingar på nynorsk sjølv. Dei måtte investere i utstyr til det siste. Det skorta mest på digitale hjelpemiddel på nynorsk, noko mange elevar brukar i eigentrening heime. Dette kan påverke effektiviteten i norskopplæringa i forhold til den enkelte sin progresjon. Mangel på ordbøker morsmål - nynorsk var problematisk og frustrerande for elevar som før hadde stor hjelp av ordbøker mellom morsmål og norsk (bokmål). Rektor på Voss anbefalte å investera i PC-ar, blant anna for å letta omsetjingsarbeid ved tilgang på digitale ordbøker. Det gjorde vegen morsmål- bokmål- nynorsk lettare for elevane.

Personalet ved Lindås Vaksenopplæring må leggje om og finne nye metodar og læremiddel i undervisninga ved innføring av nynorsk som skriftleg målform. Det kan i ein overgangsfase gå ut over kvalitet og effektivitet. Erfaringane frå Voss tyder på at dette vil vere eit svært tidkrevjande arbeid.

### Kostnad:

Nye læremiddel og bøker	Stipulert kostnad: 145.000
Lydstyr til produksjon av lytteøvingar, 2 sett. 30.000	Stipulert kostnad:
Pc-ar til elevar	Stipulert kostnad: 600.000
Ekstra pedagog p.g.a grupper på begge målformer for A1 i overgangen:	Stipulert

kostnad: 1 675.000

(Rekna for 3 grupper, 18t/v – 2,5 årsverk)  
Samla kostnad år 1 stipulert til kr 2 450.000

## **2. Elevane ved Lindås vaksenopplæring får opplæring i norsk med bokmål som skriftleg målform**

### Vurdering/konsekvensar kommunalt

- Dei vaksne får svakare rettar enn barn og ungdom har når det gjeld å velja målform for opplæringa si. Etter opplæringslova § 2-5 kan elevar i grunnskulen velje skriftleg målform sjølv.
- Målforma i vaksenopplæringa vil ikkje samsvare med målforma i Lindås kommune og dei andre Nordhordlandskommunane elevane ved Lindås vaksenopplæring kjem frå. Eit unntak er at det også kjem elevar frå Bergen Nord.
- Foreldre med barn i grunnskulen som får opplæring med nynorsk som hovudmål vil kunne oppleve forvirring og vanskar med å hjelpe sine egne barn når det gjeld norsk, utan mistydingar.
- Elevar i grunnskulen som har bokmål som opplæringsmål, vil få samsvar mellom si eiga opplæring og foreldra si.
- Framandspråklege som bur i distrikta i kommunane vil oppleve større avstand mellom talemål og skriftspråk og dette kan verka framandgjerande.

### Vurdering/konsekvensar for den einskilde vaksne

Elevar som kjem til kommunen frå t.d Sogndal eller Voss, må skifta målform når dei startar ved Lindås vaksenopplæring. Det kan vere uheldig for den einskilde si læring.

Å bli fråtatt retten til å velja sjølv kan påverke motivasjon og innstilling til læring.

Elevane kan i stor grad gjere seg kjend med norskspråket gjennom bruk av ordbok, nettsider, aviser, tidsskrift og læremiddel.

### Konsekvensar for målretta og effektiv norskopplæring

Skulen har lang erfaring med og solid kompetanse på å gjennomføre målretta og effektiv undervisning ved Vaksenopplæringa i Lindås med bokmål som skriftleg målform.

Ved å ha bokmål som målform, kan skulen gjere bruk av eit rikt omfang av tilgjengeleg materiell og læremiddel, både skriftleg og digitalt.

Skulen kan bruke meir tid til opplæring, og mindre tid til å produsere læremiddel.

### Kostnad:

Ingen nye kostnader, då skulen har den same organiseringa i dag.

## **3. Elevane ved Lindås vaksenopplæring vel sjølv kva skriftleg målform dei vil få**

## opplæring i frå hausten 2017

### Vurdering/konsekvensar kommunalt

- Dei vaksne får like rettar som barn og ungdom når det gjeld å velje målform for opplæringa si.
- Lindås vaksenopplæring gjev opplæring på både nynorsk og bokmål slik ungdomsskular og vidaregåande skular i vårt distrikt gjer.
- Foreldre med barn i grunnskulen kan velje same språk som borna for opplæringa.

### Vurdering/konsekvensar for den einskilde vaksne

Dei vaksne som skal lære norsk må reflektere over det norske språket og ta eit aktivt val. Dei kan samkjøre si eiga opplæring med borna si og det nærmiljøet dei høyrer til. Det vil vera å *Gi fleksibel opplæring på voksnes premisser*, slik det står i Nasjonal kompetansepolitisk plan.

På same tid kan det vere vanskeleg å velje målform når ein kjem ny til kommunen, særleg om ein elles har kort opphaldstid i landet. Nokre har allereie starta opplæringa i norsk før dei kjem til Lindås, og har kanskje etablert eit bevisst standpunkt med omsyn til målform. Andre vil vere takksam for å få opplæring, og målform er mindre viktig.

Vaksne som skal flytte til andre delar av landet, kan oppleve at det valet dei tok i Lindås, ikkje er målform i ny kommune. Nokre vil oppleve det som ei språkleg forvirring, andre som ein kompetanse knytt til språkleg mangfald.

### Konsekvensar for målretta og effektiv norskopplæring

Lindås vaksenopplæring må utvikle praksis i undervisning med nynorsk som skriftleg målform, men på ein mindre skala enn om alle vaksne skal ha nynorsk. Dei same utfordringane med omsyn til tilgang på læremiddel, ordbøker og læreverk gjeld som om ein går over til å gje all opplæringa på nynorsk. Sjølv om det er færre elevar som vil velje nynorsk, må lærarane gjere den same jobben relatert til å produsere lærestoff, øvingar og lytteoppgåver. Det vil vere dei same utfordringane uavhengig av om gruppa er på 5, 10 eller 20 elevar.

Organisering av elevane ut frå målform vil vera aktuelt i alfabetiseringsgrupper og på Nivå 1, men ikkje like nødvendig for dei som er komne lengst i språkutviklinga si. I norske skuleslag går elevar over 13 år med ulik skriftleg målform i norsk i same klasse i faga. Dette bør kunne fungere tilsvarande i vaksenopplæringa for dei som er komne lengst.

### Kostnad:

Nye læremiddel til bruk for elevar som vel nynorsk.	Stipulert kostnad 25.000
Lydutstyr til produksjon av lytteøvingar , 1 sett.	Stipulert kostnad: 15.000
Pc-ar til elevar	Stipulet kostnad: 180.000
Pedagog til 3 nynorskgrupper A1-2 (Talet vil variera med elevane sitt val)	Stipulert kostnad: 1 650.000
Samla kostnad år 1 stipulert til kr 1 870.000	

### **Vurdering:**

Lovverket krev at dei vaksne skal lære norsk, utan å velje mellom dei to skriftlege

målformene. Elevane vert vurdert i den skriftlege målforma dei har lært, og får resultat som kvalifiserer dei til deltaking i yrkes- og samfunnsliv eller vidare opplæring. Lovverket slår fast at opplæringa skal tilpassast behovet til den einskilde, og rundskriv UDIR-3-2012 seier at rettar barn og unge har som t.d val av målform, kan vera ein av rettane kommunen avklarar at dei vaksne også skal ha.

Dei tre alternativa har ulike fordelar og ulemper med omsyn til tilbodet til elevane ved vaksenopplæringa, dei tilsette og kostnader for kommunen. Som skissert i saka, er det særlege utfordringar knytt til læremiddel, læreverk og ordbøker for dei som skal ha nynorsk som skriftleg målform. Denne utfordringa, med dagens nivå på tilgjengeleg læreverk m.m., er av så avgjerande karakter at det bør spele ei sentral rolle i vurderinga i denne saka.

Erfaringane frå besøket på Voss var ei viktig kjelde til informasjon, og dei tilsette ytra sterkt at det var ei ulempe med så lite tilgang på relevant lærestoff på nynorsk. Takka vere svært kreative og dedikerte medarbeidarar fekk dei det til å gå rundt, men omfattande tidsbruk gjekk med til å lage, kopiere eller på anna vis skaffe seg lærestoff. Vi møtte lærarar som laga stoff, brukte apper, teikna og kopierte, og der fleire var fortvila over heile situasjonen. Også elevane var fortvila, og denne opplevinga auka på etter kvart som dei vart flinkare i norsk. Det å ikkje kunne omsetje eit ord ved bruk av ordbok t.d., kosta mykje energi.

Det å la elevane velje målform sjølv, bidrar til at kommunen gir denne elevgruppa dei same rettane som elevar i grunnskulen. Dette vil i så fall vere ei nivåheving i høve til dagens nivå, der kommunen har fastsett målform i opplæringa, eller om ein går over til nynorsk som skriftleg målform. Ei slik nivåheving vil verke positivt inn på elevane sine rettar og gir dei høve til å bestemme sjølv. For kommunen vil dette utgjere meirkostnader til fleire grupper (særleg viktig for dei med låg kompetanse), samt kostnader til læreverk/læremiddel på både bokmål og nynorsk. Ut frå dagens nivå på opplæringa, er den totale kostnaden ved alternativ 3 stipulert til kr 1 870.000

Ved alternativ 1 og 3 vil kommunen få auka kostnader til drift av vaksenopplæringa, og dersom ein går vidare med dette, må det sikrast auka ramme til avdelinga. Dette kan ikkje finansierast innafor tenesteområde Oppvekst, så finansieringa må kome fram av det politiske vedtaket i saka.

Klubben ved vaksenopplæringa har sendt ei oppmoding til politisk hald om å halde fram med opplæringa på bokmål. Dette skrivet følgjer ved saka.

Rådmannen rår til at ein held fram med bokmål som skriftleg målform ved vaksenopplæringa. Grunna mangel på læremiddel og læreverk på nynorsk, er det på noverande tidspunkt for store ulemper med å gå over til nynorsk som skriftleg målform. Dette vil sikre opplæring av same kvalitet som i dag, og innafor den same kostnadsramma.

## Til lokalpolitikarane i Lindås

### Synspunkt i høve val av skriftleg målform i opplæringa av vaksne framandspråklege

Mållaga i Nordhordland driv ein massiv kampanje for at innvandrarane skal få norskopplæring på nynorsk. Ut frå deira målpolitiske ståstad er dette forståeleg. Spørsmålet er om mållaga sitt standpunkt gagnar omsynet til den gruppa vi snakkar om; innvandrarar som i vaksen alder skal læra seg eit framandspråk.

På Lindås vaksenopplæring har vi no 250 elevar og 21 tilsette. Vi har gjennom mange år opparbeidd oss solid kompetanse på fagfeltet vårt. Vi meiner difor det er på sin plass å koma med våre synspunkt i saka og gjera greie for kva konsekvensar opplæring på nynorsk vil få for nye innvandrarar som kjem til kommunen vår.

Dei fleste innvandrarane er i utgangspunktet motiverte for å læra seg språket i landet dei kjem til. Det språket dei møter i Noreg, er eit mangfald av dialektar og to variantar av skriftspråket. På vaksenopplæringa skal vi gje innvandrarane opplæring i både munnleg og skriftleg norsk. Dei aller fleste vaksenopplæringsentra i landet har, som Lindås vaksenopplæring, medvite valt bokmål som skriftleg målform. Kvifor?

- Innvandrarane sjølve ønskjer å læra den språkforma som fleirtalet i landet vårt brukar.
- Skriftleg møter vi bokmål i desidert størst grad, også her i Nordhordland.
- Dersom opplæringa skal vera på nynorsk, kjem ein likevel ikkje utanom å måtta læra bokmål, sidan dette i så stor grad møter oss over alt i dagleglivet. Å måtta læra to skriftspråk vil vera til hinder for effektiv språkinnlæring, noko som igjen vil ha konsekvensar for integrering og deltaking i arbeids- og samfunnsliv.
- Ordbøker og omsetjingsmateriell (ordlister til læreverka, "google-translate" osv.) finst i stor grad berre på bokmål. For å omsetja frå morsmålet sitt til nynorsk, må ein difor først gå vegen om bokmål,- som er ei tungvint løysing.
- Mange av innvandrarane våre vil aldri verta gode skriftlege språkbrukarar, og ved å måtta læra seg både nynorsk og bokmål, blir vegen fram både tyngre og lengre.
- Innvandrarane har den siste tida møtt stadig strengare krav frå styresmaktene om å dokumentera kunnskapar og ferdigheiter i norsk og samfunnskunnskap for å få permanent opphald og statsborgarskap. Opplæring på nynorsk vil for mange opplevast som eit nytt og negativt krav.

- For Lindås vaksenopplæring vil ei omlegging til nynorsk vera ei stor utfordring som kan få konsekvensar for kvaliteten på opplæringa. Vi har til dels store klassar med elevar frå mange nasjonalitetar og på ulike nivå. Med opplæring på nynorsk vil vi få store avgrensingar når det gjeld stofftilgang, valmoglegheiter, oppgåvetypar og arbeidsmåtar. Differensiering og det å gjera undervisninga allsidig, tilpassa og interessant for den einskilde, vil bli vanskeleg med få tilgjengelege læremidlar. Tilbakemeldingar frå opplæringssentra som har måtta gått over til nynorsk, støttar også denne oppfatninga.
- Manglande læreverk er ikkje, slik mållaget hevdar, «ein myte», men ein realitet. Berre eitt læreverk er i dag komplett på nynorsk, og det dekkjer ikkje alle nivå. Vi skal leggja opp undervisning med ulik progresjon etter deltakarane sine føresetnader. Med nynorsk som målform vil ein måtta gi avkall på eit stort stoffutval fordi dette ikkje ligg føre på nynorsk. Dette gjeld t.d. lyttmateriell, digitale bøker, digitale oppgåver, tavlebøker osv.
- I dag har vi 250 deltakarar som skal få undervisning på alle nivå frå nybegynnarar (A1) til dei som skal søkja høgare utdanning på universitet og høgskule (B2). Tilgang på aktuelt nyhendestoff i media er eit viktig supplement til læreverka, særleg på høgare nivå. Her er kunnskapar om norske samfunnstilhøve og aktuell samfunns-debatt eit krav både på munnleg og skriftleg eksamen. Det meste av det som finst i nettaviser, på TV og i media generelt er på bokmål.

Mållaget hevdar i si kampanje at Nordhordland er «nynorsk-land». Det stemmer nok historisk og kulturelt. Men om ein ser på kva språkform og dialektar som i dag er nytta i regionen, ser det annleis ut.

- Når det gjeld talemål: I dei tettbygde stroka Knarvik, Alversund og Frekhaug snakkar fleirtalet ein dialekt tilnærma Bergensdialekten. Denne er meir bokmålsnær enn nynorsknær.
- Når det gjeld kva skriftspråk elevane møter i kvardagen, kan ein gje mange eksempel: Bokmål møter ein i butikkane i Knarvik, på Frekhaug og i Lindås senter og på nettsidene og plakatane til legesenter og tannlegar. Køyreskulane tilbyr teorikurs og trafikkreglar på bokmål. Leverandørar av TV-kanalar, telefoni og straum brukar bokmål. Det same gjeld fakturaer og banktenester på nettet, - inkludert våre lokale "nynorske" bankar.
- 60% ved Knarvik ungdomsskule og 70 % av elevane ved Knarvik VGS vel bokmål som hovudmål.

Vi som er tilsette ved Lindås vaksenopplæring, vil be politikarane resonnera ut frå innvandrarane sin ståstad når ein skal ta avgjerd om val av målform for norskopplæringa i kommunen. Ved Lindås vaksenopplæring ønskjer vi å tilby ei språkopplæring som vi meiner gir best mogeleg føresetnad for ei vellukka integrering i det norske samfunnet og den norske arbeidsmarknaden.

Å gi opplæring på bokmål er ikkje til hinder for å bruka dialekt når ein snakkar. Det er heller ikkje til hinder for å gjera høgfrekvente nynorske ord og vendingar kjent for innvandrarane, t.d. ved å nytta lokalaviser i undervisninga. Men å vedta ei omlegging til nynorsk for alle, og dermed hindra innvandrarane i å få opplæring på den målforma som er desidert mest brukt her i landet, vil vera urett overfor dei som vert busette her, og som har plikt til å ta norskopplæringa hjå oss.

Norskopplæringa for innvandrarar bør ikkje vera ein språkpolitisk kamparena. Målsaka må ikkje bli viktigare enn omsynet til den gruppa det gjeld.

Vi vil derfor tilrå at kommunepolitikarane let innvandrarane få halda fram med norskopplæring på bokmål.

Med helsing klubben v/Lindås vaksenopplæring

Knarvik 21.02.17



## Skriftleg målform i opplæringa av vaksne framandspråklege ved Lindås vaksenopplæring

21.03.17 Levekårsutvalet - 020/17 LE - behandling: Fellesframlegg v/Stina Cook-Mongstad-Ap:

Saka vert å utsetje. Levekårsutvalet bed om meir informasjon kring:

- Tal elevar frå dei ulike kommunane og vedtak kring målform i desse.
- Kostnader med erfaring frå fleire enn Voss kommune og tydlegare redegjerings for summene.
- Er det erfaring med valfrihet?
- Høyring blant innvandrarane sjølve
- Tilgjengeleg læremateriell,
- Er brev frå klubben representativ for alle?

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke

### Informasjon om spørsmåla frå Levekår:

#### 1.Tal elevar frå dei ulike kommunar og vedtak kring målform for desse:

Elevar ved Lindås Vaksenopplæring pr. 27.03.2017

KOMMUNE	SPOR 1	SPOR 2	SPOR 3	grunnskule	TOTALT	Introduksjonsprogram
LINDÅS	6	33	56	7	102	57
MELAND	7	25	30	5	67	51
RADØY	2	17	29	6	54	29
AUSTRHEIM	0	2	2	2	6	4
BERGEN	0	0	7	0	7	
GULEN	0	0	1	0	1	
MASFJORDEN	0	0	5	0	5	
MODALEN	1	0	0	0	1	
ASKØY	0	0	1	0	1	
<b>Totalt</b>	<b>16</b>	<b>77</b>	<b>131</b>	<b>20</b>	<b>244</b>	<b>141</b>

Tal elevar som betaler: ca. 25

GRUNNSKULE M.M. 43 elevar

Eksamensretta grunnskule: 20 elevar

Førebuaende grunnskule: 16 elevar

Norsk m/arbeidspraksis: 7 elevar

NORSKKURS:

Alfabetisering- 1-2 grupper

Nivå A1 – 4 kurs (Spor 1 – 3)

Nivå A2 – 5 kurs (Spor 2 – 3)

Nivå B1 (del 1) – 2 kurs (Spor 2 – 3)

Nivå B1 (del 2) – 2 kurs (Spor 3)

Nivå B2 – 1 kurs (Spor 3)

### **Vedtak om målform**

Lindås: Har bokmål utan vedtak

Meland: Vedtak i Utval for levekår 19/2017: *Kommunestyret godkjenner at innvandrara skal få tilbod om norskopplæring på nynorsk i den nye kommunen.»*

Radøy: KS 17/2016 ....*Radøy kommune vil leggja press på at norskopplæringa for flyktingar skal vera på nynorsk.*

Austrheim: Ikkje vedtak

Bergen: Har bokmål utan vedtak

Gulen: Har nynorsk

Masfjorden: Administrativt vedtak om nynorsk. Vurderer å leggja saka fram for kommunestyret

Modalen: Ikkje vedtak, dei som går i Masfjorden har nynorsk, dei som går i Lindås har bokmål

Askøy: Har bokmål

## **2. Tilgjengeleg læremateriell:**

### Alfabetiseringsgrupper

Det foreligg ikkje læremateriell for vaksne på nynorsk for denne gruppa.

### Nivå A1 – B2

**Cappelen Damm:** (I bruk ved Lindås vaksenopplæring i dag)

#### **Bokmål:**

14 tekstbøker, 15 arbeidsbøker, 11 lydfilar med bl.anna lytteprøvar på dialekt, CD-ar (lisensbasert), 14 nettstader med ulikt digitalt materiell og lærarressurs som t.d tavlebok og elevressursar, ordbøker til mange (inntil 28) ulike språk tilpassa 5 av lærebøkene

#### **Nynorsk:**

1 arbeidsbok, Praktisk norsk 1 – digitalt materiell (innfylling med retting)

### **Fagbokforlaget**

#### **Bokmål:**

15 tekstbøker, 14 arbeidsbøker, 15lydfilar, Cd-ar, 19 nettstader med ulikt digitalt materiell, ordlister til ca 20 språk for 2 av tekstbøkene

#### **Nynorsk:**

3 tekstbøker, 2 arbeidsbøker, 3lydfilar, Cd-ar, 2 nettstader, ingen ordlister til tekstbøkene

Har planer om to nye tekstbøker og arbeidsbøker: Norsk No. Det er ikkje kjent når dei er ferdige.

### **Cyberbook Norsk Pluss**

#### **Bokmål:**

1 læreverkt,Cyberbook Norsk Pluss , med tekstbøker, arbeidsbøker, lydfilar og nettressursar, ingen ordbøker

#### **Nynorsk:**

Cyber book Norsk Pluss foreligg også på nynorsk i same form som bokmål, ingen ordbøker (Voss, Stord og Masfjorden brukar dette verket)

### **Aschehoug**

#### **Bokmål**

1 læreverkt, God i norsk, med tekstbøkerog arbeidbøker er lova ferdig til hausten 17. Det er usikkert når lydfilar, digitalt materiell og ordbøker er ferdig. Ordbøkene er planlagt til 5 språk

#### **Nynorsk**

God i norsk med tekstbøker og arbeidsbøker er lova på nynorsk til same tid som bokmål, hauste 17. Det er planlagt digitalt materiell også på nynorsk.

### **Anna materiell**

#### **Bokmål:**

Ordbøker frå dei fleste språk til norsk bokmål og andre vegen

Google translate, begge vegar

Lexin ordbøker på nett, begge vegar

#### **Nynorsk:**

Google translate, frå nynorsk til anna språk, frå anna språk til norskbokmål

Lexin ordbøker på nett, frå nynorsk til anna språk, andre vegen får ein norsk bokmål.

Anna materiell brukt av vaksenopplæringar

#### **Bokmål**

TV2-skole

Klar Tale (lettelest avis) Kvar veke (nettavis + papir)

Nettstad for morsmål og tospråkleg opplæring NAFO

#### **Nynorsk**

Klart og kort, annan kvar veke, pdf-fil

### **3• Kostnader med erfaring frå fleire enn Voss kommune og tydlegare redegjering for summane.**

Kommunar som har nynorsk som målform, må velja Cyberbook Norsk Pluss fordi det er det einaste læreverket som fyller nynorskbehovet på dei flest nivå. Cyberbook er nettbasert og

derfor treng kvar elev sin eigen PC. Leiar av vaksenopplæringa på Stord, ordlegg seg slik om kostnadene: «Overgangen krevde stor investering i teknisk utstyr: Fleire datamaskinar (grunna mykje av læreverket er nettbasert, men det er noko som Kompetanse Norge kjem til å leggje enda meir fokus på framover, også for bokmål), headsett m/ mikrofon (må kunne snakke og høyre seg sjølv) og smarttavler, vanskeleg å sei ein eksakt sum, men estimert til rundt 4-500.000,- totalt. I tillegg så må alle elevane ha datalicens til læreverket, Norsk Pluss.

#### **Spesifisering av kostnadene i Lindås**

Lisens til læreverket Cyber Book Norsk pluss pr elev pr år: kr 781

Bøker til lærarane: ca 27 000

pc-ar til elevar: 6 000 pr pc

Smarttavler i alle klasserom er ikkje rekna inn, men vaksenopplæringa har ikkje det utstyret i alle klasserom.

#### **4. Er det erfaring med valfrihet?**

Vi har ikkje funne kommunar som praktiserer valfridom.

#### **5. Høyring blant innvandrarane sjølv**

Elevane blir spurde ved hjelp av eit spørjeskjema. Oppsummering av deira svar vil bli lagt fram i møtet

## Til lokalpolitikarane i Lindås

### Synspunkt i høve val av skriftleg målform i opplæringa av vaksne framandspråklege

Mållaga i Nordhordland driv ein massiv kampanje for at innvandrarane skal få norskopplæring på nynorsk. Ut frå deira målpolitiske ståstad er dette forståeleg. Spørsmålet er om mållaga sitt standpunkt gagnar omsynet til den gruppa vi snakkar om; innvandrarar som i vaksen alder skal læra seg eit framandspråk.

På Lindås vaksenopplæring har vi no 250 elevar og 21 tilsette. Vi har gjennom mange år opparbeidd oss solid kompetanse på fagfeltet vårt. Vi meiner difor det er på sin plass å koma med våre synspunkt i saka og gjera greie for kva konsekvensar opplæring på nynorsk vil få for nye innvandrarar som kjem til kommunen vår.

Dei fleste innvandrarane er i utgangspunktet motiverte for å læra seg språket i landet dei kjem til. Det språket dei møter i Noreg, er eit mangfald av dialektar og to variantar av skriftspråket. På vaksenopplæringa skal vi gje innvandrarane opplæring i både munnleg og skriftleg norsk. Dei aller fleste vaksenopplæringsentra i landet har, som Lindås vaksenopplæring, medvite valt bokmål som skriftleg målform. Kvifor?

- Innvandrarane sjølve ønskjer å læra den språkforma som fleirtalet i landet vårt brukar.
- Skriftleg møter vi bokmål i desidert størst grad, også her i Nordhordland.
- Dersom opplæringa skal vera på nynorsk, kjem ein likevel ikkje utanom å måtta læra bokmål, sidan dette i så stor grad møter oss over alt i dagleglivet. Å måtta læra to skriftspråk vil vera til hinder for effektiv språkinnlæring, noko som igjen vil ha konsekvensar for integrering og deltaking i arbeids- og samfunnsliv.
- Ordbøker og omsetjingsmateriell (ordlister til læreverka, "google-translate" osv.) finst i stor grad berre på bokmål. For å omsetja frå morsmålet sitt til nynorsk, må ein difor først gå vegen om bokmål,- som er ei tungvint løysing.
- Mange av innvandrarane våre vil aldri verta gode skriftlege språkbrukarar, og ved å måtta læra seg både nynorsk og bokmål, blir vegen fram både tyngre og lengre.
- Innvandrarane har den siste tida møtt stadig strengare krav frå styresmaktene om å dokumentera kunnskapar og ferdigheiter i norsk og samfunnskunnskap for å få permanent opphald og statsborgarskap. Opplæring på nynorsk vil for mange opplevast som eit nytt og negativt krav.

- For Lindås vaksenopplæring vil ei omlegging til nynorsk vera ei stor utfordring som kan få konsekvensar for kvaliteten på opplæringa. Vi har til dels store klassar med elevar frå mange nasjonalitetar og på ulike nivå. Med opplæring på nynorsk vil vi få store avgrensingar når det gjeld stofftilgang, valmoglegheiter, oppgåvetypar og arbeidsmåtar. Differensiering og det å gjera undervisninga allsidig, tilpassa og interessant for den einskilde, vil bli vanskeleg med få tilgjengelege læremidlar. Tilbakemeldingar frå opplæringssentra som har måtta gått over til nynorsk, støttar også denne oppfatninga.
- Manglande læreverk er ikkje, slik mållaget hevdar, «ein myte», men ein realitet. Berre eitt læreverk er i dag komplett på nynorsk, og det dekkjer ikkje alle nivå. Vi skal leggja opp undervisning med ulik progresjon etter deltakarane sine føresetnader. Med nynorsk som målform vil ein måtta gi avkall på eit stort stoffutval fordi dette ikkje ligg føre på nynorsk. Dette gjeld t.d. lyttemateriell, digitale bøker, digitale oppgåver, tavlebøker osv.
- I dag har vi 250 deltakarar som skal få undervisning på alle nivå frå nybegynnarar (A1) til dei som skal søkja høgare utdanning på universitet og høgskule (B2). Tilgang på aktuelt nyhendestoff i media er eit viktig supplement til læreverka, særleg på høgare nivå. Her er kunnskapar om norske samfunnstilhøve og aktuell samfunns-debatt eit krav både på munnleg og skriftleg eksamen. Det meste av det som finst i nettaviser, på TV og i media generelt er på bokmål.

Mållaget hevdar i si kampanje at Nordhordland er «nynorsk-land». Det stemmer nok historisk og kulturelt. Men om ein ser på kva språkform og dialektar som i dag er nytta i regionen, ser det annleis ut.

- Når det gjeld talemål: I dei tettbygde stroka Knarvik, Alversund og Frekhaug snakkar fleirtalet ein dialekt tilnærma Bergensdialekten. Denne er meir bokmålsnær enn nynorsknær.
- Når det gjeld kva skriftspråk elevane møter i kvardagen, kan ein gje mange eksempel: Bokmål møter ein i butikkane i Knarvik, på Frekhaug og i Lindås senter og på nettsidene og plakatane til legesenter og tannlegar. Køyreskulane tilbyr teorikurs og trafikkreglar på bokmål. Leverandørar av TV-kanalar, telefoni og straum brukar bokmål. Det same gjeld fakturaer og banktenester på nettet, - inkludert våre lokale "nynorske" bankar.
- 60% ved Knarvik ungdomsskule og 70 % av elevane ved Knarvik VGS vel bokmål som hovudmål.

Vi som er tilsette ved Lindås vaksenopplæring, vil be politikarane resonnera ut frå innvandrarane sin ståstad når ein skal ta avgjerd om val av målform for norskopplæringa i kommunen. Ved Lindås vaksenopplæring ønskjer vi å tilby ei språkopplæring som vi meiner gir best mogeleg føresetnad for ei vellukka integrering i det norske samfunnet og den norske arbeidsmarknaden.

Å gi opplæring på bokmål er ikkje til hinder for å bruka dialekt når ein snakkar. Det er heller ikkje til hinder for å gjera høgfrekvente nynorske ord og vendingar kjent for innvandrarane, t.d. ved å nytta lokalaviser i undervisninga. Men å vedta ei omlegging til nynorsk for alle, og dermed hindra innvandrarane i å få opplæring på den målforma som er desidert mest brukt her i landet, vil vera urett overfor dei som vert busette her, og som har plikt til å ta norskopplæringa hjå oss.

Norskopplæringa for innvandrarar bør ikkje vera ein språkpolitisk kamparena. Målsaka må ikkje bli viktigare enn omsynet til den gruppa det gjeld.

Vi vil derfor tilrå at kommunepolitikarane let innvandrarane få halda fram med norskopplæring på bokmål.

Med helsing klubben v/Lindås vaksenopplæring

Knarvik 21.02.17

100% tilslutning frå dei tilsette:

Ailin R. Jakobsen  
Anne Johanne Sæle  
Dagur Ones  
Jonann H. Kvalvågnes  
Aude Henny R. Kversøy  
Anne Hilde Garnes Reigstad  
Eli H. Storsæter  
Hilde P. Solvædt

Stine Osakaransen  
Olin Kristiansen  
Anne Reigstad  
Marit Anne Bysveen  
Sally R. Kjelstrup Solberg  
Randi Kleiveland  
Kristine Herland

Andre tilsette som støttar synspunkta:

Dystein F. Vikebø  
Hildegunn A. Jensen  
Elisabeth Mehl Winge

Janne Kar Gjerd Eleres  
Hilde Stigum Øy  
Jonhild Thorsheim

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Eldrerådet	PS	
027/17	Levekårsutvalet	PS	25.04.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Pia Charlotte Aarsand Syversen	15/799

## Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Lindås kommune

### Vedlegg:

Forslag til Forskrift Lindås kommune. (9). 30.03.17

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Lindås kommune vert sendt ut på høyring. Høyringsfrist 16.05.17.

.....

### Saksopplysningar:

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast av Levekårsutvalet

#### Bakgrunn

Stortinget vedtok 13. juni 2016 lovendringar i pasient- og brukerrettighetsloven og helse- og omsorgstjenesteloven om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særleg lagt til rette for heildøgns tenester – kriterium og ventelister. Det kjem fram av loven at pasientar eller brukarar har rett til eit slikt opphald dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste kommunale tilbodet som kan sikre pasienten og brukaren nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Kommunen er pålagt å utarbeide ei kommunal forskrift med kriterium for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad lagt til rette for heildøgns tenester. Forskrifta skal omfatte pasientar og brukarar som vil vere best tent med langtidsopphald, men der kommunen vurderer at vedkommande med forsvarlege tenester frå kommunen kan bu heime medan dei



ventar på langtidsopphald. Pasientar og brukarar som oppfyller kommunens kriterium, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime medan dei venter på langtidsopphald, skal ha rett på vedtak som inneber at vedkommande er kvalifisert for langtidsopphald og skal settes på venteliste. Ny § 3-2 a fjerde ledd i helse- og omsorgstjenesteloven pålegg kommunane å føre ventelister over pasientar eller brukarar som venter på langtidsopphald. Forskrifta skal tre i kraft 1. juli 2017.

## **Vurdering**

Forskrifta skal gi føreseielegheit for dei som søkjer om langtidsplass og dei som står på venteliste. Den einskilde skal få naudsynte og forsvarlege tenester ut i frå den vurderinga som kommunen gjer av kvar einskild søkjar.

Rådmannen har etablert ei prosjektgruppe som har arbeidd med å utarbeide forslag til kommunal forskrift. Prosjektgruppa har hatt fokus på at forskrifta skal ta høgde for heilskapsbildet kring pasientane og ulikskap i behova. Det er sett på dagens praksis og forskrifta vil ikkje føre til ei ending i dagens praksis om tildeling av langtidsplass. Førning av venteliste vil utgjere ein ny praksis for kommunen.

Prosjektmandatet har vore oppe i Levekårsutvalet og i Eldrerådet. Eldrerådet har vore referansegruppe saman med brukarråd for sjukeheimstenesta og einingsleiarar og avdelingsleiarar for sjukeheims- og heimetenesta.

.....



## **Høyringsutkast - Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Lindås kommune**

**Heimel:** Fastsett av Kommunestyret i Lindås kommune dd. juni 2017 med heimel i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3-2 a andre ledd jfr. første ledd, § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c og lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 e.

### **§ 1 Formål**

Forskrifta skal fastsette Lindås kommune sine kriterium for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim.

Forskrifta skal vidare regulere korleis kommunen skal følge opp pasientar som ventar på langtidsopphald.

### **§ 2 Definisjonar av omgrep i denne forskrifta**

- a) Sjukeheim: Institusjon omfatta av forskrift 14.11.1988 nr. 932 for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie.
- b) Langtidsopphald i sjukeheim: Opphald utan tidsavgrensing.
- c) Venteliste: Oversikt over pasientar som har fått vedtak om langtidsopphald, men som kan få naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester på anna måte medan dei ventar på langtidsopphald i sjukeheim. Ventelista gir ikkje ei prioritering av pasientar for langtidsopphald.
- d) Pasient: Ein person som vender seg til helse- og omsorgstenesta med oppmoding om helsehjelp, eller som helse- og omsorgstenesta gir eller tilbyr helsehjelp i det einstilte tilfelle jf. lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter § 1-3 bokstav a).

### **§ 3 Kriterium for tildeling av langtidsopphald**

Langtidsopphald skal bli tildelt den som har vedvarande og omfattande behov for medisinsk behandling og oppfølging, som kommunen ikkje kan gi utanfor sjukeheim ut i frå kva som er fagleg og ressursmessig forsvarleg. Kommunen avgjer kva helse- og omsorgstenester som er naudsynt og forsvarleg, og kvar tenestene skal bli gitt.

Langtidsopphald i sjukeheim kan ikkje bli tildelt utan at andre helse- og omsorgstenester først er vurdert eller prøvd.

### **§ 4 Venteliste til langtidsopphald**

Venteliste kan bli nytta dersom det ikkje er ledig langtidsopphald. Den som fyller kriterium for å få langtidsopphald etter § 3, og som kommunen kan gi forsvarlege og naudsynte helse- og

omsorgstenester på anna måte enn ved langtidsopphald i sjukeheim, kan få vedtak om plass på venteliste til langtidsopphald i sjukeheim. Dette i påvente av ledig langtidsopphald.

Behovet for helse- og omsorgstenester til pasientar på venteliste skal vurderast kontinuerleg. Endringar i behovet for helse- og omsorgstenester skal dokumenterast og tenestene skal tilpassast behovet.

Når det blir ledig langtidsopphald skal den som kommunen vurderer å ha størst behov ut frå kriteria i § 3 bli tildelt det ledige langtidsopphaldet. Dette er uavhengig av om vedkommande står på venteliste eller ikkje.

#### **§ 5 Vedtak**

Kommunen fattar vedtak etter § 3 og § 4 i forskrifta her.

#### **§ 6 Iverksetting**

Denne forskrifta trer i kraft 1. juli 2017.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Formannskapet	PS	
028/17	Levekårsutvalet	PS	25.04.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Pia Charlotte Aarsand Syversen	14/7845

## Ny formulering av opningstider i alkoholpolitisk plan del II

### Vedlegg:

Alkoholpolitisk plan 2016 - 2020 Vedteke 16.06.2016

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Ny formulering av opningstidene i alkoholpolitisk plan del II.

Nytt forslag:

### 1. Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk

- a. Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 er frå kl. 0900 til kl. 2000 på kvardagar.
- b. Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje frå kl. 0900 til kl. 1800 før søn- og helligdagar. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag. Påske-, pinse-, jule- og nyttårsaften er salstida til kl. 1500.
- c. Løyvehavar er ansvarleg for at drikk med alkoholinnhald gruppe 1 er tildekka/ikkje lenger er tilgjengeleg i butikken ved salstidas slutt. Betaling kan imidlertid skje etter dette tidspunkt dersom kunden har forsynt seg med drikken før salstidas slutt.
- d. Sal og utlevering av drikk av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai, eller på stemmedagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemming vedteke med lov.

### 2. Alminnelege skjenkebestemmelser

- a. Skjenketida for gruppe 1 og 2 er alle dagar frå kl. 0800 til kl. 0100 – med følgjande unntak:
  - Søn- og helligdagar startar skjenking frå kl. 1200.

- Fredagar og laurdagar, 2.juledag og nyttårsafta - til kl. 0200.
- b. Skjenketida for gruppe 3 er frå kl. 1300 til kl. 2400 alle dagar – med følgjande unnatak:
- Fredagar og laurdagar, 2.juledag og nyttårsafta - til kl. 0100
- c. For stader som har løyve til uteservering, er skjenketida for alkoholhaldig drikk:
- gruppe 1 og 2 til kl. 0100 alle dagar.
  - gruppe 3 gjeld berre fredag og laurdag frå kl. 1300 til kl. 0100.
- d. For stader som har skjenkeløyve til slutta selskap, er skjenketida for all alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 frå kl. 0900 til maks. kl. 0200. For alkoholhaldig drikk gruppe 3 er skjenketida frå kl. 1300 til kl. 0200.

.....

### **Saksopplysningar:** **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i Kontrollutvalet for alkohol.

Saka skal avgjerast i Formannskapet.

### **Bakgrunn**

I Del II Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune vert alkoholhaldig drikk omtala i volumprosent, medan alkohollova definerer alkoholhaldig drikk slik:

Alkoholhaldig drikk gruppe 1: (Drikk som inneheld over 2.5 og høgst 4.7 volumprosent alkohol)

Alkoholhaldig drikk gruppe 2: (Drikk som inneheld over 4.7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol)

Alkoholhaldig drikk gruppe 3: (Drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol)

Det har vore rom for ulike tolkingar av skjenktidene, særskild punkt 2 b og c.

### **Vurdering**

Nytt forslag vert tilrådd innvilga.

.....



# Alkoholpolitisk plan for Lindås kommune



***Vedteke i kommunestyret 16.06.2016 sak 034/16***

Planen omfattar:

Del I Retningslinjer for behandling  
av alkoholsaker

Del II Forskrift om sals-, skjenke-  
og opningstider

## Innhald

LINDÅS KOMMUNE .....	1
Del I Retningslinjer for behandling av alkoholsaker .....	3
1 Om kommunens plikt til å vurdere alkoholpolitikken .....	3
2 Løyveperioden for sal og skjenking av alkohol .....	3
3 Definisjonar .....	3
4 Skjenkeløyve i kommunen .....	4
4.1 Generelle bestemmelser - skjenkeløyve .....	4
4.2 Retningslinjer for å avgrense eventuelle skadelege .....	5
verknader av alkoholskjenking .....	5
4.3 Ymse retningslinjer - skjenking .....	5
4.4 Generelle bestemmelser – ambulerande skjenkeløyve .....	5
4.5 Løyve til uteservering. ....	6
4.5.3 Avgrensing av skjenkearealet - uteservering .....	6
5 Tiltak for å regulere tilgjenge av alkohol .....	7
5.1 Søknader/tildeling av sals- og skjenkeløyve .....	7
5.2 Behandling av søknader om sals- og skjenkeløyver i kommunen .....	7
5.3 Krav til søknad om sals-/skjenkeløyve .....	7
5.4 Kontroll av opplysningar på søknadskjemaet .....	8
5.5 Uttale .....	8
5.6 Løyvehavars plikt til til å gi melding til kommunen .....	8
5.7 Salsløyve i kommunen .....	8
5.8 Skjenke- og opningstider i kommunen .....	9
5.9 Opne arrangement .....	9
5.10 Salsløyve for A/S Vinmonopolet i Lindås kommune .....	9
5.11 Gjennomføring av kunnskapsprøven om alkohollover .....	9
6 Kontroll med sals- og skjenkeløyve og reaksjonar på brot .....	10
6.1 Generelle bestemmelser .....	10
6.2 Kontroll av salsstadene .....	10
6.3 Kontroll av skjenkestadene – retningslinjer i kommunen .....	10
6.4 Kontrollrapportar .....	11
7 Reaksjonar ved brot på alkohollover – prikktildeling .....	11
Alkoholforskriftas kapittel 10. Inndragning av salgs- og skjenkebevillinger: .....	11
Del II Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune .....	14
Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk .....	14
2. Alminnelege skjenkebestemmelser .....	14
3. Opningstider .....	14
4. Konsum av utskjenka alkohol .....	14



# Del I Retningslinjer for behandling av alkoholsaker

## 1 Om kommunens plikt til å vurdere alkoholpolitikken

Kommunen har plikt til å vurdere alkoholpolitikken i kommunen. For å sikre at alkoholpolitikken i kommunen er politisk styrt, skal kommunen minimum ha ein alkoholpolitisk handlingsplan. Det er eit politisk ansvar å finne den rette balansen mellom ulike interesser som næringsutvikling, forbrukaromsyn, kriminalitetsførebygging og folkehelse. Ved innføring av folkehelselova vart kommunens ansvar for å fremje folkehelsa gjort tydeleg, herunder føre ein alkoholpolitikk som tek omsyn til folkehelseutfordringane i kommunen. Både alkohollova og folkehelselova legg til grunn at kommunen i løpet av kommunestyreperioden vurderar alkoholpolitikken og herunder behovet for endringar i løyvepolitikken.

### Alkohollovas føremål er ifølgje §1-1:

*«Regulering av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.»*

### Folkehelselovas føremål ifølgje § 1:

*«Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse.*

*Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter setter i verk tiltak og samordner sin virksomhet i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte. Loven skal legge til rette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.»*

## 2 Løyveperioden for sal og skjenking av alkohol<sup>1</sup>

Kommunalt løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 2 og 3 blir gitt for 4 år av gangen, og med opphøyr seinast 30.september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Kommunalt løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og til skjenking av alkoholhaldig drikk blir gitt for periodar inntil 4 år, med opphøyr seinast 30.september året etter at nytt kommunestyret tiltrer.

## 3 Definisjonar

Med "**spisestader**" meiner vi stader der verksemda framstår og blir dreve som ein serveringsstad med hovudvekt på servering av mat. Om lag 25% av totalomsetninga bør vere **matservering**. Dersom meir enn 25% av totalomsetjinga ved ein stad er alkoholhaldig drikk, kan staden vanlegvis ikkje bli sett på som ein spisestad. Som mat reknast ikkje alkoholhaldig eller alkoholfritt drikke. Ved alle spisestader skal det liggje føre eit fullverdig mattilbod i heile skjenketida. Revisorstadfesta oppgåver som viser innkjøp fordelt på varegrupper skal sendast til til kommunen seinast 15.juli og 15.januar.

Med "**hotell**" meiner vi verksemdar som har minst 30 rom med dusj/bad og toalett. I tillegg må verksemda og ha resepsjonsteneste og lokale der alle måltider skal kunne bli servert. Ved verksemdar som ikkje oppfyller dei spesifikke krav til hotell kan det etter ei konkret vurdering bli gjort unnatak – dersom avvika er av mindre omfang.

---

<sup>1</sup> Identisk med hovudregelen i alkohollovens § 1-6 «Bevillingsperiodens lengde».

Med "**stader med liten eller ingen matservering**" meiner vi puber, barar, diskotek eller lignende, som ikkje fell inn under andre kategoriar.

Med "**selskapslokale**" meiner vi lokale der slutta selskap blir avhalde. Grendahus kan vere eit døme på eit likt lokale. Dersom lokale er open for alminneleg publikum – må det slutta selskap bli halde fysisk atskilt frå lokale elles. Med dette meiner vi at det slutta selskap må bli halde eige rom på skjenkestaden. Avskjerming i form av plantar eller andre provisoriske løysingar blir ikkje akseptert. Dette gjeld alle serveringsstader.

Med "**slutta selskap**" meiner vi ein krets av bestemte (inviterte) personar som blir samla for eit bestemt høve. Kretsen må ikkje vere open for utanforståande. Det er ikkje tilstrekkeleg at ein – før skjenkinga tek til – skriv seg på ein liste eller kjøper billetter. Det ein tek sikte på er dei tilfelle der privatpersonar ønskjer å avvikle eit privat arrangement i leigde lokale – i staden for å halde arrangementet heime.

**Alkoholfri drikk:** Drikk som inneheld under 0.7 volumprosent alkohol

**Alkoholsvak drikk:** Drikk som inneheld frå og med 0.7 til og med 2.5 volumprosent alkohol

**Alkoholhaldig drikk gruppe 1:** Drikk som inneheld over 2.5 og høgst 4.7 volumprosent alkohol

**Alkoholhaldig drikk gruppe 2:** Drikk som inneheld over 4.7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol

**Alkoholhaldig drikk gruppe 3:** Drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol

## 4 Skjenkeløyve i kommunen

### 4.1 Generelle bestemmelser - skjenkeløyve

#### Skjenkeløyve for

- alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol
- all alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent
- all alkoholhaldig drikk

#### kan berre bli tildelt følgjande konsept:

- Skjenkestader med liten eller ingen matservering
- Hotell
- Selskapslokale
- Spisestader

**Løyver vert tildelt etter ei konkret vurdering. I utgangspunktet vert spisestader prioritert. Nye løyve til andre konsept kan bli tildelt etter ei særskild vurdering.** Skal skjenkeløyve bli gitt, bør det liggje føre andre forhold/sider ved konseptet/ verksemda som tilseier at slikt løyve bør bli gitt.

Ved behandling av søknader om skjenkeløyve skal **alkoholpolitiske vurderingar** bli lagt til grunn. **Tilgangen på alkohol skal begrensa** – og det skal bli ført ein **restriktiv tildelingspolitikk ved behandling av nye skjenkeløyve**.

**Skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol eller all alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent eller all alkoholhaldig drikk kan bli tildelt søkjarar som på søknadstidspunktet:**

- Har ein uklanderleg vandel
- Oppfyller dei krav alkohollova og retningsliner vedtekne av Lindås kommune set til løyvehavar og andre personar som er impliserte i verksemda
- Blir vurdert eigna til å inneha løyve.

Alle stader med skjenkeløyve skal ved synleg plassert skilting opplyse om aldersbestemmelsene ved staden

## 4.2 Retningslinjer for å avgrense eventuelle skadelege verknader av alkoholskjenking

- a. Skjenkestadene bør **ikkje liggje nær**/ved skular, barnehagar, idrettsplassar, ungdomshus.
- b. Ålment skjenkeløyve bør ikkje bli gitt til serveringsstader som er:
  - Spesielt retta mot ungdom under 18 år og/eller familiar med mindreårige, under dette vanlege kafear.
  - Plassert i skule og undervisningsbygg
  - Plassert i lokale som er tiltenkt idretts- eller mosjonsaktivitet eller spesielle førebyggjande tiltak for ungdom – samstundes som slik aktivitet foregår.
- c. Stader som spesielt tiltrekker seg støy, ordensmessige problem eller kriminalitet bør ikkje bli gitt skjenkeløyve
- d. Stader som er for uoversiktleg innredet bør ikkje bli gitt skjenkeløyve. Fordi det er vanskeleg å føre tilstrekkeleg kontroll med skjenkinga.
- e. Skjenkestadene må organisere **uteserveringsstadene** slik at dei ligg tydeleg avgrensa og så langt råd er avskjerma i forhold til trafikk og tryggleik.
- f. For at det skal kunne gjevast skjenkeløyve som kan brukast i opningstida i eit kjøpesenter/butikkcenter, må tiltaket vere i avlukka lokale

## 4.3 Ymse retningslinjer - skjenking

- a. **Hotell blir normalt tildelt skjenkeløyve.**
- b. **Skjenkeløyve til restauranter må kommunestyret** – eller den instans kommunestyret gir mynde til – ta stilling til i kvart einskild tilfelle.
- c. **Fleire skjenkeløyve** skal bli gitt når skjenkestadene er utforma slik at gjestene ikkje fysisk kan bevege seg frå eitt skjenkeområde til eit anna.
- d. **Skjenkeløyve til båtar/skip**  
Båtar/skip kan bli tildelt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol eller all alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent.

## 4.4 Generelle bestemmelser – ambulerande skjenkeløyve

**Ambulerande skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk kan bli gitt til person over 20 år – eller til ein juridisk person – som må påreknast ikkje å ville misbruke løyve.**

Ambulerande løyve kan bli gitt for

- alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol
- all alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent
- all alkoholhaldig drikk

Ambulerande løyve er tenkt brukt ved bryllaup, jubileum og liknande arrangement.

Skjenking i medhald av eit ambulerande løyve kan **berre skje til deltakarar i slutta selskap**, som haldast anten i private eller offentlege lokale. Det er ikkje krav om førehandsgodkjenning av lokala.

Skjenking i medhald av **ambulerande løyve** kan **ikkje skje i kommunale skular eller kommunale fritidsklubbar**.

Mynde til å **avgjere søknader** om ambulerande skjenkeløyve blir lagt til kommunestyret – eller den instans kommunestyret gir slik mynde til.

## 4.5 Løyve til uteservering.

### 4.5.1 Generell bestemmelse - uteservering

- a. Det blir som hovudregel **ikkje** bli gitt løyve til servering av alkoholhaldig drikk på over 22 volumprosent på **uteserveringsareal**. Løyve til uteservering av alkoholhaldig drikk over 22 volumprosent kan etter ei konkret vurdering bli gitt der slik skjenking framstår som ein naturleg del av staden sitt totalkonsept – ute- og inneskjenkinga sett under eitt.

Der uteservingane står fram som store einingar eller som eigna einingar utan direkte forankring til innanforliggende skjenkeverksemd, blir det i utgongspunktet **ikkje** gitt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk over 22 volumprosent ved uteserveringa.

- b. Av **kontrollomsyn** skal som hovudregel all servering skje ved borda. Unntak frå dette gjeld når det er etablert eit eige tappetårn ved uteserveringa. Unntaket gjeld berre når tappetårnet er betjent. Andre unntak frå hovudregelen kan bli vurdert etter søknad.
- c. Det er **ikkje tillatt med musikk eller underhaldning ved bruk av elektrisk anlegg/ høgtalar på uteserveringa etter kl. 2200. Musikk eller underhaldning må** uansett ikkje vere slik at det er til vesentleg sjenanse eller ulempe for dei som bur eller oppheld seg ved området der uteserveringa er.

### 4.5.2 Framkommelegheit og trafikkale forhold – retningsliner for uteservering

**Framkommelegheita og dei trafikkale forhold skal vere gode.** Uteserveringa skal ikkje plasserast slik at det medfører urimeleg skade eller ulempe eller er til hinder for forbipasserande eller brukarar elles av området.

Uteservering må **ikkje kome i konflikt med brannrømningsvegane.** Uteservering skal ikkje bli plassert slik at heile gateløp/vegar blir sperra for **utrykningskøyretøy.**

Bredden til fri ferdsel blir avgjort etter ei konkret vurdering. Den skal i utgongspunktet ikkje vere under 3.5 meter. Unntak kan bli gjort i område med liten ferdsel. Bredden til fri ferdsel kan aukast i område med stor ferdsel.

Uteserveringa må som hovudregel vere ordna slik at gjestar og personale ikkje treng å krysse gateløp for å kome til fasilitetar som toalett, oppvask m.v.

### 4.5.3 Avgrensing av skjenkearealet - uteservering

Løyve for uteservering gjeld for det **areal og tal stolar** som er oppgitte i vedtaket. Ståplassar er ikkje tillatt. Løyvet gjeld det driftskonsept som er oppgitt i søknaden.

Skjenkearealet på uteserveringa må vere **klart avgrensa** mot det arealet som ikkje er skjenkeareal. Følgjande avgrensingar blir godtekne: Metallgjerde i lengre seksjonar som ikkje er grunnfaste – i kombinasjon med tøy eller tau, eller andre løysingar som sikrar behovet for avgrensing og flyttbarheit.

Avgrensingar på offentleg grunn skal bli **fjerna** når dei ikkje er i bruk.

## 4.5.4 Krav til søknad og bruksløyve i kommunen - uteservering

Før søknad om uteservering blir behandla må **teikningar** som viser avgrensing av skjenkearealet bli sendt til kommunen.

Før løyve til uteservering blir teke i bruk, skal søkjar sende **eigenerklæring** til kommunen som stadfester:

- a. at søkjar har lovleg adgang til å nytte arealet til uteservering
- b. at plan- og bygningsmyndigheitene har godkjent uteserveringa med eventuelle innretningar
- c. at Mattilsynet har gitt dei naudsynte løyve for bruk av uteserveringa.

Løyvehavar har plikt til å gi kommunen **melding** om endringar som medfører at dei opplysningar som er gitt i eigenerklæringa ikkje lenger er korrekte.

Før løyve til uteservering blir teke i bruk skal representant for kommunen ha vore på **befaring** på staden.

## 5 Tiltak for å regulere tilgjenge av alkohol

Alkoholova regulerar tilgjenget av alkoholova m.a. gjennom ordninga med:

- Løyve
- Fastsetjing av vilkår for korleis sal og skjenking skal gå føre seg
- Kontroll med at løyvehavarane følgjer vilkåra.
- Reglar som tek sikte på å påverke etterspurnadsida – m.a. aldersgrenser og forbod mot alkoholreklame.

### 5.1 Søknader/tildeling av sals- og skjenkeløyve

Kommunen kan tildele to hovudtyper løyve:

- ☑ Salsløyve
- ☑ Skjenkeløyve

### 5.2 Behandling av søknader om sals- og skjenkeløyver i kommunen

Søknader om nye sals- og skjenkeløyver og søknader om endringar i eksisterande løyve blir **behandla fortløpande**.

Søknader om utviding av skjenkeareal blir behandla etter **same** retningslinjer som søknader om skjenkeløyve. Ved innstilling til sals- og skjenkeløyve skal rådmannen alltid gje ei vurdering av konsekvensar i høve til oppvekst- og bumiljø.

### 5.3 Krav til søknad om sals-/skjenkeløyve

Søknad om sals- og skjenkeløyver og søknader om endringar i eksisterande løyve skal – så langt det høver for vedkomande verksemd – innehalde følgjande opplysningar:

- **Navn og adresse** på vedkomande – som eig verksemda. **Firmaattest** skal vedleggjast søknaden. Attesten skal ikkje vere eldre enn 2 månader.
- **Type verksemd.**
- **Adresse på staden** – der verksemda skal drivast.
- **Navn og adresse på styrrar og stedfortreder** – samt opplysningar om deira **tilknytning** til verksemda.
- **Eigenerklæring** der det går fram at søkjar har **tilgang til lokale** der verksemda skal drivast.
- **Teikningar** der sals- og skjenkeareal er skravert.
- **Beskriving av opplegg for drifta** som hindrar at lyd frå skjenkestaden blir til vesentleg sjenanse eller ulempe for bebuarar i området – og tilsvarande opplegg for orden på området rundt inngangspartiet.
- **Opplysningar som er naudsynte for å vurdere vandel** og det å vere eigna som løyvehavar, eigarar og dei som får slike inntekter eller har slik innflyting som går fram av alkoholova § 1-7b.

- Om søkjar har serveringsløyve. Som hovudregel må ein skjenkestad ha serveringsløyve for å utøve sitt skjenkeløyve.
- Kravet om internkontroll etter alkohollova skal vere oppfylt.
- Dokumentasjon frå **brannvesenet** på fastsetting av maksimalt personal for lokalet
- Dokumentasjon på at styrar og stadfortreder har bestått **kunnskapstesten** etter alkohollova § 1-7c, 3. ledd.
- Firmaattest
- At det ligg føre **brukstillating** frå byggjemyndigheitene
- Kopi av bruksløyve/ferdigattest vert lagt ved
- At verksemda før oppstart har innhenta dei naudsynte løyve frå **Mattilsynet**
- At verksemda vil bli **registrert i meirverdiavgiftsmanntallet** så snart registreringsplikta inntrer
- At **alle tilsette er registrert i arbeidstakarregisteret**
- At alle tilsette har **lovlege arbeidskontraktar**
- At det er **teikna yrkesskadeforsikring for alle tilsette**.

## 5.4 Kontroll av opplysningar på søknadskjemaet

Løyvemyndigheita kan kontrollere opplysningane i søknaden ved oppslag i **Brønnøysundregistrene** – og ved å innhente opplysningar frå **andre instansar/etatar** etter behov.

## 5.5 Uttale

Søknader om **nye sals- eller skjenkeløyver og endringar i eksisterande løyve** skal leggjast fram for **uttale** til:

- Sosialtenesta
- Politiet

Og kan i tillegg leggjast fram for:

- Skatteoppkrevjar
- Skattekontor
- Tollvesen
- Arbeidstilsyn

## 5.6 Løyvehavars plikt til til å gi melding til kommunen

Løyvehavar (sals-/skjenkeløyve) har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for løyvegjevar - som kan ha konsekvens – i forhold til dei vilkår løyvet er gitt på.

## 5.7 Salsløyve i kommunen

### 5.7.1 Salsløyve for drikk som inneheld høgst 4.7 volumprosent alkohol i kommunen.

**Salsløyve for drikk som inneheld høgst 4.7 volumprosent alkohol kan berre bli tildelt daglegvareforretningar og fedevareforretningar.**

Med daglegvareforretningar meiner vi forretningar med følgjande daglegvarar:

”Som **daglegevarar** reknast matvarar og andre nærings- og nyttingsmidlar, dyremat, vaske- og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, hushaldingsvarar av papir, plast, rense- og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, hushaldingsvarar av papir, plast, bone-, rense- og pussemidlar. Forretningen må har eit matvaretilbod som er klart breiare enn dei tradisjonelle kioskar.”

Vareutval retta mot spesielle forbrukargrupper blir sett på som tilstrekkelege når det dekkjer alminnelege daglegvarebehov for desse grupper. Det er omsetninga av vareslaga som er avgjerande for om staden blir rekna som ein daglegvarebutikk eller som ein kiosk. Vareutvalet i hyllene er ikkje tilstrekkeleg.

**Salsløyve for drikk som inneheld høgst 4.7 volumprosent alkohol kan ikkje bli gitt til bensinstasjonar og kioskar.** Følgjande varar blir rekna som **kioskvarar**:

”Tobakk- og røykeartiklar, avisar, blader og tidsskrift, bøker, skrivesaker, toalettartiklar, hygieniske artiklar, sukker- og sjokoladeprodukt, bakeri- og konditorivarar, frimerke, innspilte og uinnspilte lyd- og billedkassetar, film, mineralvatn, frukt, souvenirar, husflidvarar og lignende.  
Vidare reknast pølsebod- eller gatekjøkenvarar som pølser, hamburgerar, kylling, pommes frites eller andre varar som er berekna på å bli fortært på staden.”

I spesielle tilfelle kan det bli gjort **unnatak** frå retningslinene – dersom det er tenleg ut frå ei heilheitsvurdering.

## 5.8 Skjenke- og opningstider i kommunen

Skjenke- og opningstiden ved bruk av ambulerande skjenkeløyve følgjer dei alminnelege bestemmelsene for skjenke- og opningstider fastsatt i forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune, dersom ikkje anna er fastsett i vedtaket.

## 5.9 Opne arrangement

Skjenkegebyr, tilsvarande maksimalsats ifølgje alkoholforskrifta § 6-2, vert å betale for alment skjenkeløyve gjeve for einskilde anledningar.

## 5.10 Salsløyve for A/S Vinmonopolet i Lindås kommune

I medhald av alkohollova § 3-3 godkjenner Lindås kommune **utsalsstad for A/S Vinmonopolet – lokalisert til Knarvik**

## 5.11 Gjennomføring av kunnskapsprøven om alkohollova

**Kommunen er ansvarleg for å gjennomføre kunnskapsprøvar for styrarar og avløyssarar** i verksemder som har eller søkjer om kommunalt sals- og skjenkeløyve, jfr. § 1-7c i alkohollova, samt for alkoholkontrollørar. Kommunen kan og halde slike kunnskapsprøver for kandidatlar som ikkje er knytt til verksemder med løyve. Sosial- og helsedepartementet har fastsett forskrift om dokumentasjon av kunnskapar.

## 6 Kontroll med sals- og skjenkeløyve og reaksjonar på brot

### 6.1 Generelle bestemmelser

Det skal først **kontroll med utsalsstader** som har kommunalt løyve til sal av alkoholhaldig drikk og med **skjenkestader** som har kommunalt løyve.

**Kommunens mål om å redusere rusmiddelbruken skal vere retningsgivande for kontrollavdelinga sitt arbeid.**

Kontroll skal skje så ofte det er behov, jfr. alkoholforskrift § 9-7. Kvar løyvestad skal likevel bli kontrollert minst ein gong pr. år. Til saman skal kommunen utføre tre gonger så mange kontrollar som det er sals- og skjenkestader i kommune. Kommunen bestemmer sjølv korleis kontrollane skal bli fordelt på dei ulike løyvestadene.

**Det er tenleg at kontrollen blir utført i samarbeid med:**

- Branntilsyn etter brannlova
- Økonomikontroll etter skattelova og avgiftslovgjevinga
- Ordenskontroll v/lensmannen

Naudsynt mannskap blir rekruttert til å gjere kontrollarbeidet. Kontrollørane gjennomgår relevant **opplæring** – før dei blir sett inn i tenesta.

### 6.2 Kontroll av salsstadene

Kontrollar av salsstadene skal som utgangspunkt bli gjort av **ein kontrollør**.

**Kontroll av salsstader skal m.a. omfatte:**

- *Sal til openberr rusa personar*
- *Aldersgrensebestemmelsene for kunder som kjøpar alkoholhaldig drikk som inneheld høgst 4.7 volumprosent og for betjening som sel slik alkoholhaldig drikk.*
- *Sal utover løyvet sitt omfang*
- *Sal av omsetningsform.*

### 6.3 Kontroll av skjenkestadene – retningsliner i kommunen

**Skjenkekontrollar** skal bli utført av **to personar**<sup>2</sup> som saman kontrollerar skjenkestadene. Kontrollane vil skje på alle vekedagene – med **hovudvekt på fredagar og laurdagar**.

**Kontroll av skjenkestader skal m.a. omfatte:**

- Skjenking til openberr rusa person
- Aldersgrensebestemmelser for gjester og skjenkepersonale
- Skjenketid/opningstid
- Eventuelt forbod mot skjenking
- Skjenking utover løyvet sitt omfang
- Skjenkestadens si plikt til å føre alkoholsvak og alkoholfri drikk
- Forholdet mellom talet på betjeninga, talet på gjestar og skjenkestadens beskaffenheit
- Om skjenkestaden overheld alkoholreklameforbodet
- Generell orden i lokalet.

---

<sup>2</sup> Ifølgje alkoholforskrifta § 9-5 skal kontroll av skjenkestader bli gjennomført med minst to kontrollørar. (Forskriftsendring frå og med januar 2016).



## 6.4 Kontrollrapportar

Ved kontrollene utarbeidar kontrolløren(ane) **skriftleg rapport** frå kontrollen. Ein **gjenpart** av kontrollrapporten blir overlevert ved kontrollens avslutning til **ansvarshavande på staden**. Kommunen sender innan fjorten dagar etter utført kontroll ein **kopi av kontrollrapporten til løyvehavar**. Dersom kontrolløren(ane) skriv ein **tilleggsrapport** til kontrollen skal og denne innan fjorten dagar bli sendt til løyvehavar.

Rapporter som kan føre til **inndraging** av løyvinga blir sendt – med **eventuelle kommentarar frå løyvehavar** – til **kontrollutvalet alkohol, formannskap og vidare til kommunestyret**.

## 7 Reaksjonar ved brot på alkohollova – prikktildeling<sup>3</sup>

Bestemmelsene i alkoholforskrifta i §§ 10-1 til 10-6 inneheld eit system for prikktildeling ved brot på løyvehavars alkoholrettslege plikter. Reglene inneber at ulike brot blir tildelt eit visst tal prikker og der 12 tildelte prikker i løpet av to år førar til ein standardreaksjon på inndragning i ei veke.

Ordninga er obligatorisk, og kommunar er pliktig til å følgje dei anvisningar som følgjer av forskrifta. Forskrifta gjeld frå 01.01.2016:

### Alkoholforskriftas kapittel 10. Inndragning av salgs- og skjenkebevillingar:

*«§ 10-1. Bestemmelsene om prikktildeling og inndragning i § 10-2 til § 10-6 gjelder der kontroll gjennomført i henhold til kapittel 9 i denne forskrifta eller rapport fra andre myndigheter, avdekker at innehaver av kommunal salgs- eller skjenkebevilling ikke har oppfylt sine plikter etter alkoholoven, bestemmelser gitt i medhold av alkoholoven, bestemmelser i lov eller i medhold av lov som har sammenheng med alkoholovens formål, eller plikter som følger av vilkår i bevillingsvedtaket.*

*§ 10-2. Ved overtredelser som nevnt i § 10-3 skal kommunen tildele bevillingshaver et bestemt antall prikker. Likeartede brudd avdekket ved samme kontroll skal anses som ett enkelt brudd.*

---

<sup>3</sup> **Prikktildelingssystemet** er heima i alkohollova § 1-8 tredje ledd. Prikker kan berre bli tildelt på bakgrunn av kontroll gjennomført i samsvar med alkoholforskrifta kapittel 9 eller rapport frå andre myndigheter, t.d. rapportar frå politiet etter bruk av stengningsadgangen, jfr. alkohollova § 1-8a, etter rapport om narkotikaomsetnad på staden, jfr. alkohollovas andre ledd. Bestemmelsene om prikktildeling og inndragning i §§ 10-2 til 10-6 gjeld der innehavar av kommunalt sals- eller skjenkeløyve **ikkje har oppfylt sine plikter** etter alkohollova, bestemmelser i medhald av alkohollova, bestemmelser i lov eller i medhald av lov som har samanheng med alkohollovas føremål, eller plikter som følgjer av vilkår i løyvevedtaket. Ved brot på vilkår for løyvet, må det **skillast mellom vilkår som er føresetnader for løyvet** og vilkår som inneber plikter for løyvehavar, jfr. alkohollova §§ 3-2 og 4-3. Ein skjenkestad kan t.d. ha søkt løyve for eit bestemt driftskonsept, som at skjenkestaden skal vere ein restaurant. Dersom løyvehavar endrar konsept frå restaurant til pub, vil dette kunne bli vurdert som brot på dei føresetnadene som låg til grunn for at løyvet vart gitt. Den naturlege reaksjonen vil då vere å vurdere tilbakekall av løyvet etter forvaltningslovas § 35, ikkje mellombels inndragning. Brot på vandelskrav etter alkohollova § 1-7b er ikkje omfatta av prikktildelingssystemet. I tilfellet der vandelskravet ikkje lenger er oppfylt, vil det ikkje vere riktig å inndra løyvet for ein kortare periode, fordi det er eit lovkrav at vandelskravet skal vere oppfylt til ei kvar tid, jfr. alkohollova § 1-7. Dersom vandelskrava ikkje er oppfylt, er føresetnaden for løyvet ikkje lenger til stades, og riktig framgangsmåte vil vere å inndra løyvet ut perioden. Inndragning etter alkohollova §1-8 fjerde ledd, dvs. inndragning fordi løyvet ikkje blir brukt, her heller ikkje omfatta av systemet.

**Dersom bevillingshaver i løpet av en periode på to år er tildelt til sammen 12 prikker, skal kommunestyret inndra bevillingen for et tidsrom på én uke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt flere enn 12 prikker skal kommunestyret øke lengden på inndragningen tilsvarende.**

Ved beregning av toårsperioden skal overtredelsestidspunktene legges til grunn.

Toårsperioden gjelder uavhengig av om bevillingen er fornyet i løpet av perioden,

jf. alkoholloven § 1-6. Ved overdragelse begynner ny periode på overdragelsestidspunktet, jf.

alkoholloven § 1-10 første ledd.

§ 10-3. Følgende overtredelser fører til tildeling av **åtte prikker**:

- salg, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år, jf. alkoholloven § 1-5 annet ledd
- brudd på bistandsplikten, jf. § 4-1 annet ledd i denne forskriften
- brudd på kravet om forsvarlig drift, jf. alkoholloven § 3-9 og § 4-7
- hindring av kommunal kontroll, jf. alkoholloven § 1-9.

Følgende overtredelser fører til tildeling av **fire prikker**:

- salg og utlevering til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 3-1 i denne forskriften, skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 4-2 første ledd i denne forskriften
- brudd på salgs-, utleverings- og skjenketidsbestemmelsene, jf. alkoholloven § 3-7 og § 4-4
- skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf. alkoholloven § 1-5 første ledd
- brudd på alderskravet til den som selger, utleverer eller skjenker alkoholholdig drikk, jf. alkoholloven § 1-5 tredje ledd.

Følgende overtredelser fører til tildeling av **to prikker**:

- det gis adgang til lokalet til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller bevillingshaver sørger ikke for at person som er åpenbart påvirket av rusmidler forlater stedet, jf. § 4-1 i denne forskriften
- mangler ved bevillingshavers internkontroll, jf. alkoholloven § 1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i denne forskriften
- manglende levering av omsetningsoppgave innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften
- manglende betaling av bevillingsgebyr innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften
- brudd på krav om styrer og stedfortreder, jf. alkoholloven § 1-7c
- gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestedet, jf. alkoholloven § 1-8 annet ledd
- gjentatt diskriminering, jf. alkoholloven § 1-8 annet ledd.

Følgende overtredelser fører til tildeling av **én prikk**:

- brudd på kravet om alkoholfrie alternativer, jf. § 4-6 i denne forskriften
- brudd på regler om skjenkemengde, jf. § 4-5 i denne forskriften
- konsum av medbrakt alkoholholdig drikk, jf. § 4-4 i denne forskriften
- gjester medtar alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i denne forskriften
- brudd på krav om plassering av alkoholholdig drikk på salgssted, jf. § 3-3 i denne forskriften
- brudd på vilkår i bevillingsvedtaket, jf. alkoholloven § 3-2 og § 4-3
- brudd på reklameforbudet, jf. alkoholloven § 9-2, jf. kapittel 14 i denne forskriften
- andre overtredelser som omfattes av alkoholloven § 1-8 første ledd, jf. blant annet alkoholloven § 3-1 sjettede ledd, § 4-1 annet ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.

§ 10-4. Dersom det foreligger helt spesielle og svært formildende omstendigheter, kan kommunen tildele færre prikker for en overtredelse enn det som følger av § 10-3.

Dersom det foreligger svært skjerpende omstendigheter, kan kommunen tildele flere prikker for en overtredelse enn det som følger av § 10-3. Kommunestyret kan ved svært skjerpende omstendigheter også øke lengden på inndragningen utover det som følger av § 10-2, i de alvorligste tilfellene for resten av bevillingsperioden.

*Dersom omstendigheter som nevnt i første og annet ledd vektlegges, skal dette begrunnes særskilt i vedtaket.*

*§ 10-5. Der det foreligger grunnlag for prikktildeling, skal kommunen sende ut forhåndsvarsel om tildeling av prikker, jf. forvaltningsloven § 16.*

*Kommunestyret fatter enkeltvedtak om tildeling av prikker. Bevillingshaver skal i forbindelse med vedtaket orienteres om mulige konsekvenser ved ytterligere prikktildelinger.*

*Vedtaket etter annet ledd kan påklages etter forvaltningslovens regler. Der klageretten ikke benyttes, kan tildelingen av prikker likevel påklages i forbindelse med klage på senere vedtak om inndragning hvor tildelingen av prikker inngår som grunnlag.*

*§ 10-6. Dersom tildeling av prikker danner grunnlag for inndragning, skal kommunen sende ut forhåndsvarsel om inndragning av bevillingen, jf. forvaltningsloven § 16.*

*Kommunestyret fatter enkeltvedtak om inndragning av bevilling på grunnlag av tildeling av prikker.*

*Kommunen bør iverksette vedtak om inndragning innen fire uker etter vedtakelsesdato.*

*§ 10-7. En bevilling kan inndras dersom den ikke er benyttet i løpet av det siste året.*

*Bevillingen kan likevel ikke inndras dersom årsaken til manglende bruk av bevillingen er en hindring utenfor bevillingshavers kontroll og som han ikke med rimelighet kunne unngå eller overvinne følgene av. Dette gjelder bare i den utstrekning det kan antas at driften kan gjenopptas innen rimelig tid.*

## **Del II Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune**

Vedteken av kommunestyret i møte 18.mars-04 i sak 21/04 – med endring i møte 19.05.05 – sak nr. 40/05, endring i møte 16.06.05 – sak nr. 56/05 og endring i møte 18.05.06 – sak nr. 36/06.

Fastsett med heimel i lov av 2.juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. § 3-7 og § 4-4 og lov av 13.juni 1997 nr. 55 om serveringsvirksomhet § 15.

### **1. Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk**

- a. Sal og utlevering av drikk som inneheld høgst 4.7 volumprosent alkohol kan skje frå kl. 0900 til kl. 2000 på kvardagar.
- b. Sal og utlevering av drikk som inneheld høgst 4.7 volumprosent alkohol kan skje frå kl. 0900 til kl. 1800 før søn- og helligdagar. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag. Påske-, pinse-, jule- og nyttårsaftan er salstida til kl. 1500.
- c. Løyvehavar er ansvarleg for at drikk med alkoholinnhald over 2.50 volumprosent er tildekka/ikkje lenger er tilgjengeleg i butikken ved salstidas slutt. Betaling kan imidlertid skje etter dette tidspunkt dersom kunden har forsynt seg med drikken før salstidas slutt.
- d. Sal og utlevering av drikk som inneheld høgst 4.7 volumprosent alkohol skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai, eller på stemmedagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemming vedteke med lov.

### **2. Alminnelege skjenkebestemmelser**

- a. Skjenketida for all alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent alle dagar frå kl. 0800 til kl. 0100 – med følgjande unnatak:
  - Søn- og helligdagar startar skjenking frå kl. 1200.
  - Fredagar og laurdagar, 2.juledag og nyttårsafta - til kl. 0200.
- b. Skjenketida for lågare alkoholinnhald med volumprosent mellom 22 og 60, frå kl. 1300 til kl. 2400 alle dagar – med følgjande unnatak:
  - Fredagar og laurdagar, 2.juledag og nyttårsafta - til kl. 0100
- c. For stader som har løyve til uteservering, er skjenketida for all alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent frå kl. 0900 til kl. 0100. For uteserveringar som har løyve til skjenking av all alkoholhaldig drikk, er skjenketida for alkoholhaldig drikk mellom 22 og 60 volumprosent frå kl. 1300 til kl. 0100. Skjenketida gjeld berre fredagar og laurdagar.
- d. For stader som har skjenkeløyve til slutta selskap, er skjenketida for all alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent frå kl. 0900 til maks. kl. 0200. For alkoholhaldig drikk mellom 22 og 60 volumprosent er skjenketida frå kl. 1300 til maks. kl. 0200 – med opningstid til maks. kl. 0230.

### **3. Opningstider**

Opningstid er ein halv time lengre enn skjenketida – dersom ikkje anna er bestemt.

### **4. Konsum av utskjenka alkohol**

Konsum av utskjenka alkohol skal opphøre seinast ein halv time etter skjenketida.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
016/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	24.04.2017
	Eldrerådet	PS	
029/17	Levekårsutvalet	PS	25.04.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Line Merete Valle	16/1783

## Bustadsosial handlingsplan 2017 -2021

### Vedlegg:

Bustadsosial handlingsplan-1 høyringsutgåve 070417

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til bustadsosial handlingsplan 2017 -2021 blir sendt ut på høyring.  
Høyringsfrist 12.mai 2017

### Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne  
Saka skal avgjerast i levekårsutvalet

### Bakgrunn

Bustadsosialt arbeid handlar om å skaffe bustad til vanskelegstilte på bustadmarknaden og å styrke den enkelte sine moglegheiter til å meistre butilhøvet. For å sikre heilskaplege tenester knytt til det å skaffe bustad til dei som treng det, vart det våren 2016 vedtatt å setje i gang eit arbeid med å lage ein bustadsosial handlingsplan med rullering kvart femte år. Prosjektet skal avklare kommunen sine bustadsosial utfordringar og lage plan for å løyse det. Kommunen sin overordna bustadpolitikk vert avklart i kommuneplanen sin samfunnsdel Levekårsutvalet godkjende prosjektmandat for bustadsosial handlingsplan 07.06.16. i sak 042/16.

Planprosessen starta opp i november 2016 og framdriftsplan legg opp til endeleg vedtak av bustadsosial handlingsplan i kommunetyret 22.06.2017.

## Vurdering


Bustadsosial handlingsplan slik den no ligg føre gir tydelege retningsliner for korleis kommunen skal møta utfordringane med å gje innbyggjarane heilskaplege tenester knytt til det å skaffe bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Handlingsplanen syner mål, strategi og tiltak basert på dei behova som er komen fram gjennom arbeidet og planen er konkret og enkel å følgje for dei utøvande einingane.

Ein legg opp til ein høyringsperiode for at ulike interessentar som ein ikkje har nådd gjennom dei vanlege kanalar skal få moglegheit til å komma med innspel til planen før endeleg vedtak.

Lindås kommune

# Bustadsosial handlingsplan

1. HØYRINGSUTKAST – APRIL 2017



2017-2021

**NB! Layout er førebels til høyringsutgåva!**

**Planen vil få grafisk utforming liknande  
kommunedelplanane i endeleg versjon.**

## Innhald

Samandrag.....	3
Bakgrunn for arbeidet .....	4
Definisjonar og avgrensingar .....	4
Ordliste .....	6
Organisering av arbeidet .....	7
Status bustadsosialt arbeid i Lindås .....	8
Bustadkontoret.....	8
Forvaltningskontoret.....	9
NAV.....	9
Flyktingtenesta .....	9
Bustadsosiale fakta for Lindås kommune.....	10
Kartlegging av vanskelegstilte på bustadmarknaden.....	11
Overordna føringar .....	12
Nasjonale føringar .....	12
«Bustad for velferd».....	12
NOU 2011:15 «Rom for alle» .....	12
Lovverk .....	12
Lindås kommune sine overordna mål .....	13
Husbanken sine verkemiddel .....	14
Grunnlån.....	14
Bostøtte.....	14
Tilskudd til tilstandsvurdering .....	14
Tilskudd til tilpasning av egen bolig.....	14
Tilskudd til refinansiering av lånegjeld.....	14
Kompetansetilskudd til bærekraftig bolig og byggkvalitet.....	14
Startlån .....	15
Tilskudd til etablering i egen bolig (kjøp av bolig).....	15
Økonomi .....	16
Kommunen sin disponible bustadmasse.....	18
Målgrupper og deira behov.....	19
Personar med funksjonshemming .....	19
Personar med rus og/eller psykisk sjukdom.....	20
Eldre med behov for tilpassa bustad.....	21



Økonomisk vanskelegstilte .....	24
Flyktningar .....	25
Familiar med born .....	25
Ungdom .....	26
Framtidig behov for bustader .....	27
Økonomiske konsekvensar .....	27
Kompetanse og samhandling .....	29
Handlingsplan med mål, strategiar og tiltak .....	0
Kjelder .....	0

## Samandrag

Lindås kommune treng ein bustadsosial handlingsplan for å gje innbyggjarane heilskaplege tenester knytt til det å skaffa bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Gjennom vinteren 2017 har det vore sett ned ei prosjektgruppe og ei referansegruppe som har kartlagt behov i kommunen, sett på dagens status og forma strategiar og tiltak for å møte dei behova vi ser i kommunen i dag.

Lindås kommune driftar og forvaltar 222 kommunale bustader per i dag. Bustadtilbodet spenner frå såkalla omsorgsbustad pluss med heildøgns bemanning til vanlege gjennomgangsbustader utan tenester knytt opp mot bustaden. Dei kommunale bustadene ligg spreidd i kommunen. Vi finn flest bustader i sørre del av kommunen, kring Alver, Isdal og Knarvik. Vi har også tilbod på Lindås og Ostereidet.

Dei vanskelegstilte på bustadmarknaden er ei samansett gruppe med ulike behov. Vi ser at kommunen har eit godt tilbod til eldre med behov for tilpassa bustad, men manglar eigna tilbod til enkelte grupper som til dømes familiar med vanskeleg økonomi. Også personar med rusliding og/eller psykisk lidning manglar eit fullgodt tilbod. Akutte bustader og bustader i eigna bumiljø for personar med åtferdsvanskar manglar per i dag. Vi manglar også vanlege gjennomgangsbustader med universell utforming.

Gjennom kartlegginga som er gjort som del av arbeidet med handlingsplanen, ser vi at kommunen har ei veksande gruppe unge vanskelegstilte mellom 20-30 år som manglar butilbod eller eigna bustad. Mange bur hjå slekt og vener i mangel på eit eige husvære. Førebyggjande og lågterskel-tiltak for denne gruppa kan vere med på å få fleire til å meistre eige butilhøve. Denne gruppa har behov for små, rimelege husvære sentralt i kommunen.

Tenester knytt til det bustadsosiale arbeidet i Lindås er fordelt på fleire ulike einingar, Nav-kontoret og Flyktingtenesta i kommunen. Arbeidet med handlingsplanen peikar på område der kommunen kan gjere forbetringar innan organiseringa til beste for våre innbyggjarar. Rolleavklaring og ansvarsfordeling mellom einingane er eitt av desse punkta. Her ligg også eit stort potensiale for å utvikle gode rutinar og system for koordinering mellom ulike kontor og einingar. Meir samarbeid på tvers vil gjere tenestene våre betre for dei som treng det.

Prosjektgruppa for bustadsosial handlingsplan har jobba mot eit mål om å lage ein konkret plan som er enkel å følgje for dei utøvande einingane. Handlingsplanen syner mål, strategi og tiltak basert på dei behova som har kome fram gjennom arbeidet. Planen er delt i fire hovudtema; butilbod, burettleiing, butilpassing og sakshandsaming/organisering.

For handlingsplan med mål, strategiar og tiltak, sjå s.31

## Bakgrunn for arbeidet

Bustadsosialt arbeid handlar om både å skaffe bustad til vanskelegstilte på bustadmarknaden og å styrke den enkelte sine mogelegheiter til å meistre butilhøvet. For å sikre heilskaplege tenester knytt til det å skaffe bustad til dei som treng det, vart det våren 2016 beslutta at kommunen skal setje i gang eit arbeid for å lage ein bustadsosial handlingsplan med rullering kvart femte år. Planen må ha tydelege mål, strategiar og tiltak knytt til dei behova innbyggjarane våre har innanfor dette feltet. Planen er definert som ein sektorplan og ligg under kommunedelplan for Helse, sosial og omsorg.

Arbeidet med bustadsosial handlingsplan er forankra i prosjektmandat (politisk bestilling) for bustadsosial handlingsplan frå 07.06.2016, vedtak i Levekårsutvalet, sak 042/16.

## Definisjonar og avgrensingar

I arbeidet med å lage bustadsosial handlingsplan er det sett opp tre hovudoppgåver:

- Gjennomføre status- og behovskartlegging for kommunen
- Utarbeide mål, strategiar og tiltak for handlingsplanen
- Avklare organisering av det bustadsosiale arbeidet i Lindås kommune

Målgruppa for arbeidet vårt er vanskelegstilte på bustadmarknaden. Regjeringa brukar denne definisjonen:

*«Vanskeligstilte på bustadmarknaden er personar og familiar som ikkje har høve til å skaffe seg og/eller halde på eit tilfredsstillande butilhøve på eiga hand. Dei er i ein eller fleire av følgjande situasjonar: utan eigen bustad, står i fare for å miste bustaden sin og/eller bur i ueigna bustad eller bumiljø»*

*Kommunal og moderniseringsdepartementet, 2014*

Bustadsosial handlingsplan skal ta for seg tenester knytt til det å skaffe seg ein bustad. Helse-, sosial- og omsorgsplanen vil ta for seg tenestene som er knytt til bistand til å bu. Tenester som omhandlar hjelp med den fysiske og psykiske helsa til bebuaren høyrer innunder helse-, sosial- og omsorgsplanen. Det kjem vi ikkje direkte inn på i bustadsosial handlingsplan.

Vi skal legge opp til at tenestene innan det bustadsosiale i Lindås gjer at brukarane kan bu lengst mogeleg på same stad; i eigen heim - enten denne er eigd, leigd eller ein har ein burett. I mange tilfelle vil dette bety at ein må yta fleire typar tenester. Bustadsosial handlingsplan skal syte for tenestene som omhandlar det å skaffa eigna bustad tilpassa brukaren sitt behov. Her vil det vera naudsynt å ha eit tett samarbeid med helse- og sosialsektoren. Tenestene knytt til brukaren sine behov for helsehjelp kjem vi ikkje direkte inn på i denne planen.

Kartlegginga som er gjennomført i samband med bustadsosial handlingsplan er henta frå Husbanken «Kartlegging av bostedsløse». Kartlegginga er meint å gje ei oversikt over kven som bur i ueigna bustad, ueigna bumiljø eller ikkje har bustad tilpassa sitt behov. Kartlegginga dekker også dei som ikkje har eigen bustad (bustadlause). Kartlegginga er gjort med basis i dei som allereie får tenester frå kommunen. Kartlegginga fortel oss noko om dagens situasjon i kommunen, men er ikkje fullstendig. Det vil vere innbyggjarar som per no ikkje mottek hjelp eller tenester knytt til bustad, men som likevel har eit behov for hjelp. For å dekke opp for dei vi ikkje når gjennom kartlegginga, har vi nytta KOSTRA-tal og statistikk frå SSB. Vi ser likevel at kartlegginga kan vidareutviklast for å femne breiare når planen skal rullerast.

Handlingsplanen har ikkje til oppgåve å endre på organiseringa av det bustadsosiale feltet i kommunen. Prosjektet vil lage ei oversikt over kven som gjer kva innan feltet. På denne måten kan vi finne ut om oppgåver vert gjort fleire stader og om andre oppgåver «fell mellom to stolar». Handlingsplanen skal klart vise kor dei ulike tenestene høyrer heime og kven (kva for funksjon/rolle) som har ansvaret. Vi kjem ikkje direkte inn på korleis tenestene blir utført.

Den bustadsosiale handlingsplanen vil gi oversikt over kommunen sin disponible bustadmasse. Den klargjer behovet for ulike bustader til vanskelegstilte framover og legg fram tiltak. Tiltak som krev auka budsjetttrammer er lista opp i handlingsplanen og vert vurdert i samband med komande budsjett- og økonomiplanar.

Den bustadsosiale handlingsplanen skal ikkje ta opp den overordna bustadpolitikken i kommunen. Det er likevel vanskeleg å lage ein plan for kommunale bustader utan å kome innom lokalisering av bustadane. Dette er sterkt knytt til dei ulike behova målgruppa vår har. Handlingsplanen vil difor også seie noko om behovet for bustader sentralt og lokalt.

## Ordliste

<b>Akutt bustad</b>	Bustad som kommunen (gjennom NAV) har plikt til å tilby for dei som treng det. Lindås kommune har per i dag dette tilbodet gjennom avtalar med campingplassar i kommunen.
<b>Buevne</b>	Evna ein har til å bu – gjennomføre daglege gjeremål, vedlikehald, orden, økonomi.
<b>Bufellesskap</b>	Samling av husvære i eitt eller fleire bygg. Har fellesareal og personalrom. Brukarane er i all hovudsak personar med funksjonshemming/nedsett funksjonsevne.
<b>Bustøtte</b>	Statleg støtte til buutgifter. Tildelast av Husbanken.
<b>Gjennomgangsbustad</b>	Kommunal bustad som vert tildelt dei som treng det. Leigeavtalen er sett til 3 år.
<b>Kommunal bustad</b>	Fleire lokaliteter i kommunen, kan vere eigd eller leigd av kommunen. Nokre ligg i etablerte bustadfelt, andre ligg i utkantstrok.
<b>Omsorgsbustad</b>	Kommunal bustad med ulike tenester knytt til bustaden. Tilpassa rørslehemma.
<b>Omsorgsbustad pluss</b>	Kommunal bustad med heildøgns bemanning og fellesareal. Det vi tidlegare kalla bufellesskap ligg også under denne sorteringa.
<b>Prosjektgruppa</b>	Gruppa representerer dei ulike målgruppene for planen og har utforma planen. Prosjektgruppa er samansett av einingsleiar funksjonshemma, tillitsvalt Akademikerne, fagleiar sosiale tenester hjå NAV, konst. leiar og einingsleiar forvaltningskontoret, avdelingsleiar psykisk helse og rus, fagleiar bustadkontoret og prosjektleiar frå eining for eigedom
<b>Referansegruppa</b>	Referansegruppa skal gje råd til prosjektgruppa undervegs i arbeidet med planen. Gruppa er samansett av representantar frå ungdomsrådet, eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, kommuneoverlege, kommunepsykolog og tillitsvalt frå Fellesorganisasjonen (FO).
<b>Robust bustad</b>	Bustader til personar som har liten buevne der bustaden vert utsett for stor slitasje. Materialbruk og utforming av bustaden er tilpassa dette formålet.
<b>ROP</b>	Samtidig rus og psykisk lidning
<b>Startlån</b>	Kommunalt lån til kjøp, bygging, tilpassing og utbetring av bustad. Kan også nyttast til refinansiering. Tildeling skjer via bustadkontoret i kommunen.
<b>Vanskelegstilte på bustadmarknaden</b>	Vanskelegstilte på bustadmarknaden er personar og familiar som ikkje har høve til å skaffa seg og/eller halde på eit tilfredsstillande butilhøve på eiga hand. Dei er i ein eller fleire av følgjande situasjonar: utan eigen bustad, står i fare for å miste bustaden sin og/eller bur i ueigna bustad eller bumiljø.

## Organisering av arbeidet

Prosjektet har vore organisert i ei prosjektgruppe og ei referansegruppe. Prosjektgruppa har vore samansett av einingsleiarar og avdelingsleiarar innanfor rus og psykisk helse, eining for funksjonshemma, forvaltningskontor, bustadkontor, NAV og hovudtillitsvalt frå Akademikerne. Referansegruppa har vore samansett av representant frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet, ungdomsrådet, avdelingsleiar drift/vedlikehald, kommunepsykolog, kommuneoverlege og hovudtillitsvalt frå Fellesorganisasjonen. Det har vore tett dialog med planavdelinga undervegs i arbeidet då det ikkje har vore representantar frå denne eininga oppnemnt i mandatet. Arbeidet har vore leia av prosjektleiar frå Eining for eigeidom.

### *Kommunesamanslåing*

I løpet av planperioden står vi overfor ei kommunesamanslåing med Radøy og Meland. Prosjektgruppa har hatt fokus på status for Lindås og behova framover knytt til dei utfordringane vi ser i eigen kommune. Det bør utarbeidast ei bustadsosial handlingsplan for den nye kommunen i første valperiode.

## Status bustadsosialt arbeid i Lindås

Lindås kommune har i inneverande økonomiperiode ikkje hatt ein gjeldande bustadsosial handlingsplan. Bustadkontoret i Lindås bidreg til å skaffe bustad til dei som oppfyller kriterier for dette. Forvaltningskontoret for helse og omsorgstenester, NAV og flyktingtenesta gjer også arbeid knytt opp mot å skaffe bustad eller hjelpe personar med å bli buande i bustad.

### Bustadkontoret

Består i dag av tre medarbeidarar. Oppgåvene til bustadkontoret spenner over det følgjande:

- Oversikt over kommunale bustader
- Finne bustad som høver til den enkelte brukar
- Sørgje for at kommunen til ei kvar tid har tilstrekkeleg bustadtilbod til dei som oppfyller kriterier for dette.
- Oversyn over statlege og kommunale verkemidlar knytt opp mot bustad
- Økonomisk rettleiing knytt til lån og bustadkjøp eller leige
- Tilstandsvurdering knytt til tilpassing av bustad
- Saksbehandling av startlån
- Tilrettelegging for sakshandsaming av bustøtte
- Utforming av husleigekontraktar
- Overlevering av bustad
- Framlegg til kjøp eller leige av kommunale bustader

Bustadkontoret har spesiell fokus på medverke til at dei som treng det mest får hjelp til å skaffe bustad eller bli buande i eigen heim så lenge som råd. Familiar med born er ei prioritert gruppe.

Kommunale bustader blir som hovudregel utleigd på 3 års kontraktar. I løpet av denne tida skal leigetakar prøve å skaffe seg annan bustad på den private marknaden. I mange tilfelle skjer ikkje dette og leigeavtalen vert forlenga. Gjennomstrøminga i dei kommunale bustadene er slik sett noko lågare enn forventa. Til tider kan liten gjennomstrøming føre til at det vert press på dei kommunale bustadene og kommunen må ut i marknaden og leige inn bustader eller investere i fleire kommunale bustader. Slike kjøp er ikkje alltid enkle å forutsjå og det kan by på utfordringar å få utløyst midlar på kort sikt då nye løyvingar krev politisk og administrativ behandling.

### *Frå leige til eige*

For leigetakarar som har økonomi til å eige sin eigen bustad, gjev kommunen mogelegheit til at leigar kan kjøpe den kommunale bustaden. Slik slepp vedkommande å flytte ut og eventuelle born kan fortsetje å bu i nærmiljøet sitt. Dette er ein praksis kommunen ynskjer å fortsetje med i planperioden.

### *Bustader for personar som har vanskar med å komme inn på bustadmarknaden*

Lindås Tomteselskap AS har i samarbeid med Lindås kommune gjennom dei siste åra arbeid med ein modell for framskaffing av rimelege bustader for personar som har vanskar med å komme inn på bustadmarknaden. Modellen baserer seg på prosjekt der en har ei ferdigregulert tomt, fastsett antal leilegheiter, storleik og pris pr eining. Desse føresetnadene ligg klare allereie i konkurransegrunnlaget for bygging av prosjektet. Kommunen har tildelingsrett på eit gitt antal einingar. Einingane vert tildelt

søkarar som oppfyller gitte kriterier innanfor husbankens startlånordning. Bustadene vert finansiert gjennom Husbanken sitt grunnlån, kommunal startlånordning og evt tilskot. Søkarar som får tildelt leilegheit i desse prosjekta vert sjølveigarar.

## Forvaltningskontoret

Forvaltningskontoret har per i dag 8 tilsette. Nokre av deira oppgåver er å handsame søknader om omsorgsbustad og gjere vedtak om tildeling av kommunal bustad og tenester knytt til bustaden. Omsorgsbustad er ei kommunal særordning utan lovheimel. Tildeling av bustad skjer ut frå ei vurdering av søkjaren sin aktuelle situasjon når det gjeld bustad, helse og økonomi.

- Registrerer søknadar om kommunal omsorgsbustad
- Gjer vedtak om tildeling av omsorgsbustad
- Gjer vurderingar av behov for tenester i bustaden
- Koordinering mot helse- og omsorgstenester knytt til bustaden
- Klagehandsaming

## NAV

NAV har plikt til å gje økonomiske råd og rettleiing til dei som treng det. Dei har også plikt til å bistå med å skaffe akutt bustad ved behov. Akutt bustad skal ikkje ha lenger varigheit enn 3 månader. NAV-kontoret skal gi hjelp til følgjande dersom ein er i ein situasjon der ein ikkje kan ivareta interessene sine på bustadmarknaden:

- økonomisk rådgjeving
- informasjon om økonomisk sosialhjelp
- informasjon om låne- og støtteordningar frå stat og kommune
- hjelp til søknad om kommunal bolig og andre ordningar for å etablere deg i en bolig
- hjelp til å finne leiligheter som er til leie
- hjelp til å ringe for å avtale visning
- hjelp til å gå på visning, eller på annan måte hjelp til å skaffe en varig bolig
- hjelp til å etablere kontakt med kommunale helse- og omsorgstenester

Nav-kontoret kan også i periodar forvalte privatøkonomien til personar som ikkje sjølv er i stand til å handtere økonomien sin.

## Flyktingtenesta

Flyktingtenesta i kommunen er organisert under Nav. Flyktingtenesta tel i dag 4 medarbeidarar.

Flyktingar som blir busett i Lindås kommune etter avtale med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) har rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet. Flyktingtenesta hjelper flyktingar med å finne ein plass å bu og rettleier dei i to år gjennom introduksjonsprogrammet. Kommunen ved Flyktingtenesta mottok statleg støtte i 5 år pr flykting. Flyktingtenesta har slik overordna ansvar for flyktingen ut over tida i introduksjonsprgrammet. Bustadkontoret og flyktingtenesta samarbeider om å skaffe eigna bustad til dei som kjem til kommunen.



## Bustadsosiale fakta for Lindås kommune

Lindås kommune har eit innbyggjartal på nesten 16 000 personar. Gjennom årleg rapportering til KOSTRA (kommune-stat-rapportering) har vi til ei kvar tid ei grov oversikt over status innanfor dei ulike sektorane i kommunen. Når det gjeld det bustadsosiale ligg Lindås kommune om lag på landsnittet og litt over. Dei to siste åra har imidlertid arbeidsløysa vore noko høg samanlikna med landet for øvrig. Tabellen under viser statistikk for Lindås kommune i høve til kommunane Meland og Os og landet elles.

<b>Bustadsosiale fakta Lindås kommune</b>				
Innbyggjartal: 15 733 (2016 Q4)				
	Lindås	Meland	Os	Landet
Born i hushaldningar med vedvarande låg inntekt (2015)	<b>5,9 %</b>	5%	6,1%	10%
Born i hushaldningar som har motteke sosialstønad i løpet av året (2014)	<b>4,8%</b>	5,6%	3,1%	6,1%
Born i hushaldningar med låg inntekt og einsleg forsørgjar* (2014)	<b>38,5%</b>	36,3%	45,6%	40%
Ande arbeidslause 15-74 år (2016)	<b>3,5 %</b>	3,7%	3,7%	2,8%
Andel ungdomsledige (15-29 år) (2016)	<b>3,1%</b>			2,7%
Andel sosialhjelpsmottakarar (2015)	<b>3,6%</b>	3,5%	3,0%	3,9%
Andel kommunale bustader per 1000 innbyggjar	<b>13 stk.</b>	14 stk.	16 stk.	21 stk.
Andel leigde bustader (2015)	<b>12,9 %</b>	12,7%	12,9%	17,2%

\*)Av borna i kategorien «Born i hushaldningar med vedvarande låg inntekt (2015)» er det 38,5% som også har foreldre/føresette som er einsleg forsørgjar

(Statistisk sentralbyrå 2015)

(Folkehelsebarometer Lindås, 2016)

## Kartlegging av vanskelegstilte på bustadmarknaden

Gjennom arbeidet med bustadsosial handlingsplan har vi gjort ei eiga kartlegging knytt direkte til bustad. Kartlegginga baserer seg på Husbanken sin mal «kartlegging av bostedsløse». Her har vi kartlagt dei som har vanskar med å skaffa eller bli buande i bustad. Kartlegginga er basert på allereie kjente data frå einingane som er i kontakt med brukarane av kommunen sine bustader og tenester knytt til desse. Kartlegginga vart gjennomført i desember2016 /januar 2017 og viser eit «augeblinksbilete» av kommunen på det tidspunktet. Kartlegginga er ikkje uttømmende for kommunen. Den gjev oss likevel ein peikepinn på status for kommunen og kva for behov vi ser framfor oss.

Hovudfunna i kartlegginga viser følgjande:

- Dei aller fleste som er vanskelegstilte er einpersonshushaldning
- Tala frå kartlegginga syner at vi har svært få born i dei kartlagte gruppene
- Ca halvparten er unge vaksne mellom 20-30 år
- Mange bur hjå familie i mangel på eigen eigna bustad
- Viktigaste kjelde til inntekt er trygd
- Mellom 10-20 pers står i fare for å miste bustaden
- Mellom 10-20 pers bur i bustad som ikkje er tilpassa behovet deira
- Mange av dei som manglar eigna bustad har utfordringar med psykisk sjukdom og/eller rus eller funksjonshemmingar

Vi veit at det er om lag 7 % av borna i Lindås kommune som bur i økonomisk vanskelegstilte familiar. Mange av desse familiare kjem ikkje for å få hjelp eller økonomisk støtte frå kommunen eller NAV, men får støtte frå familie og venner. Slik vil dei ikkje bli fanga opp i den kartlegginga som er gjort i samband med planarbeidet. Gjennom tal frå SSB og KOSTRA ser vi likevel gruppa som ein heilskap utan at vi veit nøyaktig kva som er deira behov for støtte. Gruppa vert omtalt i kapitlet «Familiar med born» seinare i planen.

## Overordna føringar

### Nasjonale føringar

#### «Bustad for velferd»

Regjeringa har sett opp nasjonale mål og prioriterte innsatsområde for det bustadsosiale arbeidet som skal utførast i stat, kommunar og med samarbeidspartnarar:

Nasjonale mål	Prioriterte innsatsområde
Alle skal ha et godt sted å bo	• Hjelp frå midlertidig til varig bolig
	• Hjelp til å skaffe egnet bolig
Alle med behov for tjenester skal få hjelp til å mestre boforholdet	• Forhindre utkastelser
	• Gi oppfølging og tjenester i hjemmet
Den offentlige innsatsen skal være helhetlig og effektiv	• Sikre god styring og målretting av arbeidet
	• Stimulere til nytenking og sosial innovasjon
	• Planlegge for gode bomiljøer

I den nasjonale strategien er det også bedt om forsterka innsats overfor barnefamiliar og unge. Bustaden og nærområdet er ei viktig ramme for born og unge sin oppvekst her og no, men er også viktig for å unngå at dårlege levekår går i arv.

Måla er ein del av den nasjonale strategien for bustadsosialt arbeid «Bustad for velferd» (2014-2020).

#### NOU 2011:15 «Rom for alle»

Det vart i 2011 laga ei offentlig utredning, NOU, som skulle drøfte og gje råd om korleis sentrale oppgåver i den sosiale bustadpolitikken skulle møtast framover. Her er det lagt stor vekt på at kommunane skal få eit større handlingsrom når det gjeld koordinering og samordning av bustadtilbod og tenester. Bustaden er svært viktig i velferdspolitikken. Gode levekår heng tett saman med å ha ein god plass å bu. Førebyggjande arbeid blant utsette grupper er ei god investering for framtida. Utvalget som har jobba med utredninga meiner at fordelane ved å eige eigen bustad er så store at eige må gjerast mogeleg for fleire. Dei utsette gruppene må prioriterast. Desse samsvarer med regjeringa si bestilling om å prioritere barnefamiliar og unge.

#### Lovverk

Kommunen sitt ansvar for å skaffe bustader og tenester til vanskelegstilte og bustadlause er regulert i følgjande lovverk:

- Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen
- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester
- Lov om pasient- og brukerrettigheter
- Lov om folkehelsearbeid (Folkehelselova)
- Plan og bygningsloven

- Lov om husleieavtaler (husleieloven)
- Lov om rettshøve mellom grannar (grannelova)
- Husbanken sine forskrifter og lovar

### Lindås kommune sine overordna mål

Innanfor helse, sosial og omsorg har kommunen sett nokre viktige mål. Hovudmålet i mandatet for bustadsosial handlingsplan er; «I Lindås kommune skal alle ha trygge og helsefremjande butilhøve»

Det er lista opp åtte strategiar frå hovudmålet. Strategiane seier noko om kva handlingsplanen skal oppnå. Vi har delt strategiane inn i fire hovudtema som går igjen i handlingsplanen:

<b>Bustadtilbod</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre at Lindås kommune bidreg til å dekke dei reelle bustadbehova for vanskelegstilte på bustadmarknaden i kommune</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre at Lindås kommune har eit bustadtilbod og målretta tenester knytt til å skaffe bustad til særleg utsette grupper.</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre ei heilskapleg og behovsretta utvikling innan bustadsosial utbygging.</li> </ul>
<b>Bustadtilpassing</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre at innbyggjarar kan bu lengst mulig i eigen heim ved tilrettelegging av bustad</li> </ul>
<b>Bustadretteiing</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre god bu-rettleiing for dei som treng det</li> </ul>
<b>Sakshandsaming og organisering</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre heilskapleg handtering av bustadsosiale utfordringar i kommuneorganisasjonen</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre at Lindås kommune jobbar målretta med bruk av offentlege verkemiddel for å realisere mål og strategiar.</li> </ul>

## Husbanken sine verkemiddel

Husbanken er staten sitt sentrale organ for gjennomføring av den gjeldande bustadpolitikken. Husbanken arbeider etter regjeringa sine mål og får oppdrag frå ulike departement knytt til tilskotsordningar. Ettersom regjeringa ikkje alltid er den same år etter år, varierer også stasingsområda til Husbanken.

Lindås kommune nyttar i dag fleire av Husbanken sine tilskotsordningar. I 2016 hadde Lindås kommune registrert 75 saker hjå Husbanken. Kommunen lånte ut i overkant av 12 millionar i startlån fordelt på 26 saker. Det vart også utbetalt i overkant av 600 000 kr i tilskot til etablering og 60 000 i tilskot til tilpassing av bustad.

Under følgjer ei kort oversikt over dei bustadsosiale ordningane Husbanken forvaltar pr 2017:

### Grunnlån

Grunnlånet skal bidra til å fremme viktige boligkvaliteter som miljø og universell utforming i nybygging og oppgradering av eksisterende bebyggelse. Grunnlånet skal også brukes til skaffe boliger til vanskeligstilte og husstander i etableringsfasen, og bidra til nødvendig boligforsyning i distriktene. Lånet skal bidra til å oppnå boligpolitiske målsettinger som ellers ikke vil bli oppnådd uten.

### Bostøtte

Bostøtten skal bidra til at husstander med lave inntekter og høye boutgifter kan ha en trygg og god bolig. Bostøtten skal bidra til at disse husstandene kan bli boende i boligen, eller at de kan skaffe seg en bedre bolig.

Ordningsen er behovsprøvd. Det stilles krav til husstanden og boligen. Bostøtte beregnes på bakgrunn av boutgifter, inntekter og antall personer i husstanden.

### Tilskudd til tilstandsvurdering

Formålet med tilskuddsordningen er å øke antallet boliger med god tilgjengelighet og lavt energibehov.

### Tilskudd til tilpassing av egen bolig

Tilskudd til tilpassing skal bidra til at personer med behov for tilpasset bolig kan få finansiering til det, samt øke tilgjengeligheten i boligmassen.

### Tilskudd til refinansiering av lånegjeld

Tilskuddet skal bidra til en varig løsning på de økonomiske problemene med bolig, eventuelt i sammen med andre tiltak.

### Kompetansetilskudd til bærekraftig bolig og byggkvalitet

Husbankens kompetansetilskudd til bærekraftig bolig- og byggkvalitet skal være en pådriver for utvikling og bruk av nye løsninger og metoder i bolig- og byggsektoren. Tilskuddet skal bidra til flere miljøvennlige og universelt utformede boliger, bygg og uteområder, og til å styrke kompetansen om bærekraftige kvaliteter.

## **Startlån**

Startlån skal bidra til at personer med langvarige problemer med å finansiere en bolig kan skaffe seg en egnet bolig og beholde den.

## **Tilskudd til etablering i egen bolig (kjøp av bolig)**

Tilskuddet skal bidra til at en person kan etablere seg i egen bolig og sørge for egnede boliger for vanskeligstilte på boligmarkedet.

## **Investeringsstilskudd til omsorgsboliger og sykehjemsplasser**

Investeringsstilskuddet skal stimulere kommunene til å fornye og øke tilbudet av plasser i sykehjem og omsorgsboliger for personer med behov for heldøgns helse- og omsorgstjenester.

## Økonomi

Lindås kommune eig, leiger, driftar og forvaltar dei kommunale bustadene. Innanfor området tenesteutvikling og organisasjonsutvikling har rådmannen lagt opp til å prioritere verdibevarande vedlikehald av kommunale bygg og anlegg i inneværande periode. Herunder ligg også dei kommunale bustadene. Det er gjort vedtak på å lage byggeprogram for robuste bustader og nytt bufellesskap for funksjonshemma i Lindås kommune slik at ein då kan vurdere investeringskostnadene for desse to prosjekta.

Budsjett til drift og vedlikehald av kommunale bustader vert avsett med ein fast sum kvart år, men behovet for reparasjonar og investeringar varierer år for år. Hovudregelen er at vedlikehald gjerast mellom ut-og innflytting. I mange tilfelle gjerast også akutt vedlikehald og reparasjonar relativt hyppig i nokre av dei hardast brukte gjennomgangsbustadene.

Lindås kommune har pr i dag ei relativt balansert portefølgje for kommunale bustader. Vi har eit udekket behov for universelt utforma gjennomgangsbustader. Slik status er no, leiger kommunen tilpassa bustader for familiar i den private marknaden.

Kommunen eig og leiger eit tal leilegheiter i burettslag. Bustadkontoret ser utfordringar med å framleige desse bustadene. Oftast skal ny leigetakar godkjennast av styret i burettslaget. Kommunen kan ikkje alltid velje kven som skal vere leigetakar. I mange tilfelle fører brot på husreglar etc. til klager frå dei øvrige bebuarane i burettslaga. Bustadkontoret legg opp til å få denne typen bustader ut av portefølgja. Vi ynskjer ikkje å investere i nye burettslagsleiligheiter i framtida då dette ikkje er ei fleksibel løysing for kommunen.

Andre bustader som i periodar står tomme er leilegheiter som ligg som del av fleirmannsbustader. Kommunen har gjerne ein av tre leilegheiter i ei rekke. Det er til ei kvar tid ei vurdering kven som kan passe til slike bustader for å unngå at det skapar konflikhtar i etablerte strøk.

Når det gjeld omsorgsbustader og omsorg pluss for eldre er dette bustader som ikkje er like fleksible som gjennomgangsbustader. Her vil det i kortare periodar stå tomme bustader. Desse bustadene har likevel relativt høg gjennomstrøming og et er viktig at kommunen har eit fullgodt tilbod til denne gruppa. Planen legg opp til at ein kan nytte ein av omsorgsbustadene til akuttbustad då det er eit behov for akuttbustad med mogelegheit for tenester i bustaden.

Så nær som alle bustadene er i god stand og vert jamnleg vedlikehaldne. Det vert arbeidd med etablering av vedlikehaldsplan for dei kommunale bustadene slik at alle bustader vert oppgradert og halde i god stand på jamnleg basis.

Det er eit aukande behov for kommunale bustader med bemanning. Dette gjeld eldre, funksjonshemma og personar med rus/psykiske lidningar. Det er vanskeleg å spå korleis bustadtrendene påverkar bygging eller framskaffing av kommunale bustader. Slik vi les i kapitlet om eldre med behov for tilpassa bustad vert det i dag bygd mange sentrale leiligheiter på den private marknaden som har livsløpsstandard. Dette er med på å redusere behovet for kommunale bustader. Kommunen vert likevel utfordra økonomisk grunna større behov for heimetenester. Denne problemstillinga vert drøfta meir i helse-, sosial- og omsorgsplanen.

Mykje av dei økonomiske spørsmåla som kjem opp rundt kommunale bustader er knytt til drift av tenester og korleis ein løysar dette. Her er det svært viktig at ein gjer vurderingar allereie ved

tomtevalg. Korleis skal tiltaket driftast, skal det vere bemanna, kva ligg i nærleiken, kan ein få samdriftsfordelar ved å omdefinere andre kommunale bustader i nærleiken? Kan plassering og utforming gje oss fordelar med tanke på drift og vedlikehald?

### *Husleige*

Det er vanskeleg å få sirkulasjon i kommunale bustader dersom leiga her er lågare enn i marknaden for øvrig. Marknadspris gjer imidlertid at mange vil ha behov for bustøtte eller sosialstønad for å dekke buutgifter. Husbanken gjev bustøtte til dei som oppfyller kriteria. Summen som vert tildelt er regulert innanfor ulike soner knytt til prisane i bustadmarknaden i den aktuelle sona. Oslo er gruppe 1 og dei andre store byane i Noreg ligg i gruppe 2. Lindås kommune ligg i gruppe 4 . Bustadkontoret og NAV opplever stadig at det er vanskeleg å finne bustader innanfor godkjent leigesum. Dette fører til at NAV i mange tilfelle må gje sosialstønad i tillegg til statleg bustøtte. Prosjektgruppa ser at ei justering av kommunegruppe opp til gruppe 3, som vil vere nivået under storbyane, vil kunne bidra til at færre må be om ekstra midlar frå NAV.



## Kommunen sin disponible bustadmasse

Lindås kommune har pr mars 2017 tildelingsrett til 222 bustader. Dette er kommunalt eigde bustader, bustader i burettslag og innleigde bustader. Bustadene er av varierende karakter, frå omsorgsbustad pluss til gjennomgangsbustader.

Kommunale bustader	Antal
Kommunalt eigde	54
Kommunalt disponerte (leigde)	16
Omsorgsbustader/pluss	89
Omsorgsbustader pluss (bufelleskap PU)	36
Omsorgsbustader pluss for Rus /psykiatri	12
Bustader for mindreårige flyktningar	15
<b>Totalt:</b>	<b>222</b>

Lindås kommune disponerer i dag dei kommunale bustadene slik i høve til målgrupper:

Bustad og målgruppe	Antal
Omsorgsbustad for eldre	53
Omsorgsbustad pluss	36
Omsorgsbustad pluss for funksjonshemma	36
Boliger for mindreårige flyktningar	15
Omsorgsbustad pluss for personar med psykisk og eller rusliding	12
Gjennomgangsbustader (eigd eller leigd)	70
<b>Sum:</b>	<b>222</b>

Pr mars 2017 ser situasjonen i Lindås slik ut med tanke på husleigkontraktar som er forlenga ut over dei avsette 3 åra:

Butid i kommunale leiligheter, meir enn 3 år	
Einslege	
Antal år	Antal kontraktar
3-6 år	15
6-9 år	3
9-12 år	1
Over 12 år	2

Butid i kommunale leiligheter, meir enn 3 år	
Familiar	
Antal år	Antal kontraktar
3-6 år	5
6-9 år	0
9-12 år	2
Over 12 år	2

## Målgrupper og deira behov

### Personar med funksjonshemming

#### *Bustadtilbod i kommunen*

Lindås kommune har 5 bufellesskap (omsorgsbustad pluss) i Knarvik med 6 – 9 leiligheter i kvart. Bufellesskapa har fellesareal (stove og kjøkken) og personalfasilitetar (kontor, toalett/dusj). Totalt har vi 34 leiligheter. I Knarvik er det også eit privat burettslag for personar med utviklingshemming med 10 leiligheter der kommunen eig og leigar ut 2 av desse. Ved ledige leiligheter i dette burettslaget har Lindås kommune ved Forvaltingskontoret bidratt til å finne kandidatar i målgruppa som kan vere aktuelle kjøparar.

Eining for funksjonshemma driftar eit tiltak for 1 person i ein kommunal einebustad. Totalt gir Eining for funksjonshemma tenester til personar i 37 kommunale og 8 private bueiningar.

#### *Gjennomstrømming*

Leilighetene i bufellesskapa har livsløpsstandard og kan tilpassast med hjelpemiddel og personalressursar for å ivareta bebuarane i ulike livsfasar. Til no har praksisen i Lindås vore at bebuarane bur i same leilighet livet ut.

Det har dei siste 16 åra i snitt vorte ledig 1 leilighet pr år som følgje av dødsfall eller flytting til annan kommune.

#### *Framtidig behov for bustadar*

Kartlegginga viser at det er 19 personar med utviklingshemming/nedsett funksjonsevne over 18 år som truleg vil trenge hjelp til å etablere seg i eigen bustad. Av desse er det førebels vurdert at det er 8 personar med behov for omsorgsbustad pluss. I tillegg er det 2 personar i kommunale bufellesskap og 1 person i privat tiltak som treng betre tilrettelagt bustad.

For å sikre gode butilhøve i bufellesskapa, er det viktig at bebuarane fungerer godt saman. Det er difor naudsynt å få etablert tilpassa bustader for personar med utviklingshemming og psykiske vanskar/utfordrande åtferd. Dette gjeld ei lita gruppe der nokre av dei i dag bur i eksisterande bufellesskap.

Ved å byggje godt tilrettelagte og skjerma bustader for denne gruppa, vil ein få frigjort bustader i bufellesskapa i Knarvik for dei som kan ha nytte av å bu sentralt. Storleiken på dette bufellesskapet bør vere på 6-7 bueiningar med personalfasilitetar. Det er ikkje behov for eller ønskjeleg med fellessareal slik det er i dei eksisterande bufellesskapa.

Det var i 2016 registrert 69 personar over 16 år med utviklingshemming som mottok tenester frå kommunen. Dette er omlag 0,4% av befolkninga. Ein auke i folketalet på 1000, vil såleis kunne føre til ein auke på ca 4 personar med utviklingshemming med behov for kommunale tenester. Dette er svært usikre tal, også med tanke på at behovet for tenester hjå den einskilde er svært varierende i omfang og kompleksitet.

#### *Lokalisering i dag og behov framover*

Mange brukarar og pårørande har gitt tydelege tilbakemeldingar på at det mest hensiktsmessige er bustader i Knarvik med kort veg til butikk, offentlege etatar og arbeid (til dømes Knarvik Industri og Miljø). Dette gjer at dei vert mindre avhengig av transport i det daglege.

For ein liten del av målgruppa er det ønskeleg med bustad som er meir skjerma i høve til butikk, kjøpesenter, naboar m.m. Dette gjeld personar som treng tett personaloppfølging for å styre eiga åtfærd i situasjonar med mykje folk og inntrykk. Ein lokasjon i landlege omgjevnader med godt tilrettelagt uteareal vil føre til færre konfliktsituasjonar og mindre behov for grensesetjing. Slik vil ein kunne gje desse personane større fridom og betre livskvalitet.

Det oppstår frå tid til anna behov for bemanna bustad for mindreårige med funksjonshemming/nedsett funksjonsevne, som av ulike årsaker ikkje kan bu saman med foreldre/føresette. Etter at avlastingsbustaden for born og unge flytta til lokala til tidlegare Såta bu- og servicesenter, kan eit slikt behov løysast der.

#### *Bustadbehov hjå målgruppa*

Bustad i bufellesskap (omsorgsbustad pluss) er den dominerande buformen for personar med utviklingshemming i Lindås kommune. For å gi tenester på rett nivå til personar med utviklingshemming/nedsett funksjonsevne der det er aktuelt med flytting i eigen bustad, er det avgjerande at det er god dialog med desse personane og pårørande i forkant. Gjennom deltaking i ansvarsgruppemøter og via IP-koordinatorar, kan ein kartlegge og avklare om det er behov for bustad/bufellesskap med heildøgntenester eller eigen bustad med tilpassa rettleiing og hjelp på timebasis.

Nokre av desse vil med hjelp frå pårørande kunne skaffe seg bustad i den ordinære marknaden. For andre vil økonomi og mangel på medlåntakar gjere dette vanskeleg.

For dei personane som treng bustad og ønskjer omsorgsbustad med døgnkontinuerleg bemanning, er løysinga enten kommunal leilighet i omsorgsbustad eller privat løysing der fleire går saman og kjøper/byggjer. Bebuarane vil truleg oppleve det som tryggast å eige bustaden sjølv. For kommunen som tenesteleverandør kan det vere hensiktsmessig å eige og leige ut, for å få meir fleksibilitet og høve til å setje saman grupper i omsorgsbustadene på ein god måte.

## **Personar med rus og/eller psykisk sjukdom**

### *Bustadtilbod i kommunen*

Til personar med rus og/eller psykisk sjukdom har kommunen ulike butilbod. Krossleitet på Lindås og Røsvikdalen i Knarvik er begge døgnbemanna omsorgsbustader med 6 einingar kvar. Bebuarane si hovudutfordring er knytt til psykisk sjukdom. I tillegg er det ulike kommunale bustader spreidd i kommunen der personar med rusliding eller samtidig rus og psykisk liding (ROP) er prioriterte. Dette utgjer 12 bustader. Til saman har kommunen tilbod til 24 personar pr i dag.

### *Gjennomstrømming*

I omsorgsbustadene med døgnbemanning er det ei stabil prosjektgruppe og liten gjennomstrømming. I gjennomsnitt flyttar ein person i året. Individuelle behov er avgjerande med tanke på om vi arbeider med mål om flytting til anna bustad med lågare omsorgsnivå eller over i den private bustadmarknaden. Behov for tilflytting av nye bebuarar med omfattande omsorgsbehov gjer at ein til ei kvar tid må vurdere kvar enkelt bebuar sitt behov og buevne. I dei kommunale

gjennomgangsbustadene er det noko større gjennomstrømming. Faktorar som påverkar dette kan vere t.d. behandlingsopphald, soning, flytting til andre kommunar m.m.

#### *Framtidig behov*

Målet er at kommunen skal ha bustader som er tilpassa brukarane sine behov. Det gjer at vi må kunne tilby ulike typar bustader, t.d. robuste bustader. Når vi vurderer bustadtilbodet opp mot brukar er desse faktorane viktige; bumiljø, storleik, bemanning eller ambulerande tenester. Ut frå dette kan ei auka meistring i buevne medføra flytting til annan bustad. Bruk av «bustadmeny», kva bustad passar ditt behov, må inn i plan rundt kvar enkelt bebuar. Vi kan til ein viss grad skilje mellom butilbod og tenester innan psykisk helse og rusrelaterte utfordringar. Ofte har menneske med ruslidingar også ei psykisk lidning (ROP).

Vi har til saman 12 bustader (2x6) for personar med psykisk lidning. Med dette vurderast behovet for denne gruppa som dekka i planperioden.

Gjennom kartlegginga som vart gjort i samband md denne planen viser den at det er i underkant av 20 personar med rusrelaterte problem som har vanskeleg for å skaffe bustad, halde på ein bustad eller står i fare for å miste bustaden. I arbeidet med kommuneplanens samfunndel har det vore dialog med brukarar av kommunen sine tilbod til denne gruppa. Det kjem fram i samtalar at det er eit stort ynskje at denne gruppa ikkje vert busett i same område. Det må gjerast skilnad på dei som er på veg ut av rus og dei som rusar seg. Privat bustad er eit alternativ for å få meir ro. Døgnbemanna bufellesskap med startpakke for inventar og hjelp til det å lære seg å bu er eit ynskje. Godt kollektivtilbod, møteplassar og fellesskap er viktig.

Lindås kommune har over lengre tid planlagt bustader til ei mindre gruppe personar med rusmiddelproblem. Bustadene skal vera tilrettelagt for personar som har store vanskar med å bu. Bustadene må liggja sentralt og/eller med god offentleg kommunikasjon. Prosjektgruppa treng tett kontakt med offentlege tenester. Det er tilrådd at det er knytt bemanning til dette tiltaket.

Grunna avgrensa ressurstilgang må ein tenkja samdriftsfordelar knytt til lokalisering av bustader. Tilrådinga er difor at det vert planlagt fleire bustader i nærleiken av desse robuste bustadene, men samstundes ikkje så tett at det vert eit problem at mange er på same plass, jfr utsegn frå brukarane sjølve. Vi må finna ein balanse mellom tilgjengeleg personale og lokalisering til beste for brukaren.

### **Eldre med behov for tilpassa bustad**

Kommunen har til saman 89 omsorgsbustader for eldre, med plass for til saman 124 bebuarar. Det er to typer av omsorgsbustader:

*Omsorgsbustader* er bustader som er tilpassa rørslehemma. Desse er lokalisert i Knarvik og på Lindås. Samla er det i kommunen omsorgsbustader for 73 bebuarar.

*Omsorgsbustad pluss* er bustader tilpassa rørslehemma. Bustadene har bemanning heile døgnet og fellesareal for bebuarane. Kommunen har 34 omsorgsbustader pluss. Desse er lokalisert på Ostereidet og på Lindås. Det er ikkje omsorgsbustader pluss i Knarvik. Samla er det i kommunen omsorgsbustader pluss for 46 bebuarar.

Sjølv om kommunen har mange bustader tiltrettelagt for to personar er det berre eit fåtal som nyttast av par. Dette skuldast at dei som søker omsorgsbustad og omsorgsbustad pluss oftast er aleine.

Alle omsorgsbustader og omsorgsbustader pluss for eldre er på eitt plan og har trappefri tilkomst.

Tabellen under gir nøkkeltal om kommunen sine omsorgsbustader og omsorgsbustader pluss:

Type bustad	Namn & lokalisering	Tal bustader	Tilrettelagt for 2	Snitt butid (år)	Gjennomstrømming (2016)	Snitt alder
Omsorgsbustad	Skrenten (Lindås)	3	0	5	13 %	72
	Storbruhaugen 17-19 (Lindås)	12	12			
	Lindås ressursbase (Lindås)	10	0			
	Kvernhushaugane 3, 5, 15 (Knarvik)	24	12			
Omsorgsbustad pluss	Skrenten (Lindås)	6	0	2	26 %	86,5
	Ostertunet (Ostereidet)	28	12			

Omsorgsbustad pluss (Skrenten) på Lindås er etablert i 2014. Skrenten ligg i eit bustadfelt, vel 5 min kjøring frå Lindås bu- og servicesenter med øvrige omsorgsbustader og personalbase. Skrenten er delt i to bygg. Eit hovudbygg for omsorgsbustad pluss og eit sidebygg med tre omsorgsbustader. Bebuarar må gå ut for å kome til fellesareal i hovudbygget. Alle bustader på Skrenten er på eitt plan.

Omsorgsbustad pluss (Ostertunet) på Ostereidet er etablert i 2015. Omsorgsbustadene er delt inn i tre bygg. I to av bygga er det fellesareal.

### *Gjennomstrømming, tilflytting/utflytting*

Per mars 2017 er gjennomsnittleg butid i omsorgsbustad 5 år, medan den i omsorgsbustad pluss er 2 år. Gjennomsnittleg alder på bebuarar i omsorgsbustader er 72 år, medan den i omsorgsbustad pluss er 86,5 år.

Per mars 2017 har 14 % (6 bustader) av omsorgsbustadene ingen bebuarar medan 18,5 % (6 bustader) av omsorgsbustadene pluss ikkje har bebuarar. Desse tala varierer gjennom eit kalenderår. Erfaring over tid syner at det til ei kvar tid normalt er ein eller fleire omsorgsbustader og/eller omsorgsbustad pluss ledig. Samla indikerer dette at behovet for omsorgsbustader og omsorgsbustader pluss er teken i vare for det behovet vi har i kommunen idag.

### *Framtidig behov for bustader til målgruppa*

Bustadtrender kan verke inn på behovet for omsorgsbustader og omsorgsbustader pluss. Fleire eldre sel einebustader og kjøper leiligheiter og seniorleiligheiter, og færre blir buande i gamle og mindre tilrettelagte bustader. Tilbodet av slike leiligheiter er knytt til tettstader/sentra. Bustadtrenden vi ser no kan vere med på å redusere etterspørsel etter omsorgsbustader.

Endringar i det kommunale helse- og omsorgstenestetilbodet kan også verke inn på behovet for omsorgsbustader og omsorgsbustader pluss. Framtidig reduksjon i talet eller endringar i bruken av sjukeheimsplassar kan medføre at behov for omsorgsbustad pluss auker. Eit anna døme er auka bruk av omsorgsteknologi som aukar tryggleiken i eigen bustad. Dette kan også verke inn på behovet for omsorgsbustad pluss med heildøgns bemanning.

Befolkningsendringar med fleire eldre, og eldre som lever lenger verkar også inn på behovet for omsorgsbustader og omsorgsbustader pluss.

Legg ein til grunn at omsorgsbustader i kommunen i hovudsak vert nytta av aldersgruppa 70-79 år er dekningsgraden 5 % per 2016. I aldersgruppa 70 -79 år er det venta ei dobling av innbyggartalet fram mot 2025. Dersom dekningsgrad frå 2015 skal oppretthaldast for omsorgsbustader, bør kommunen i 2020 ha 66 omsorgsbustader og i 2025 ha 81 omsorgsbustader.

Legg ein til grunn at omsorgsbustader pluss i kommunen i hovudsak vert nytta av aldersgruppa 80-89 og 90 + år er dekningsgraden 6,1 % per 2016. I aldersgruppa 80-89 og 90+ år er det ikkje venta endring fram til 2020, men 19 % auke i innbyggartall frå 2020 til 2025. Dersom dekningsgrad frå 2015 skal oppretthaldast for omsorgsbustader pluss bør kommunen i 2020 ha 37 omsorgsbustader pluss og i 2025 ha 46 omsorgsbustader pluss.

### *Framtidig behov*

Når det gjeld omsorgsbustader kan det vere behov for å oppretthalde dekningsgraden i framtida. Det er uvisst om det er behov for å utvide dekningsgraden. Bustadtrender for eldre kan tyde på at framtida sine eldre har meir funksjonelt utforma bustader som gjer at eldre kan bu lengre i heimen før behovet for tilrettelagt omsorgsbustad oppstår. Samstundes blir det fleire eldre og dei lever lenger.

Når det gjeld omsorgsbustad pluss kan det vere behov for å oppretthalde og utvide dekningsgraden i framtida. Dette krev nybygging eller ombygging av eksisterande bygg. Det bør vurderast bygd ut omsorgsbustader pluss lokalisert til Knarvik. Erfaringer frå Ostertunet og Skrenten syner at alle bustader bør ha kort og funksjonell tilkomst til fellesareal og personalrom. Ved utbygging av omsorgsbustader pluss på Lindås, kan atriety byggast om frå omsorgsbustader til omsorgsbustader

pluss. Lindås ressursbase ligg ved sida av personalbasen til heimetenesta, som betener heildøgnsbemanna omsorgsbustader på Lindås.

## Økonomisk vanskelegstilte

Med økonomisk vanskelegstilte tenkjer ein på dei som har svak økonomi eller disponeringsvanskar.

I Lindås kommune kan ein søkje om kommunal bustad hjå bustadkontoret dersom ein har vanskar med å skaffe seg bustad på det private leigemarknaden. I tillegg kan ein søkje om utbetringstilskot og startlån gjennom husbanken.

Nav-kontoret pliktar å gje råd og rettleiing om korleis ein kan skaffe seg ein bustad og korleis ein kan disponere sin eigen økonomi for å unngå tvangssal eller utkastning av eigen bustad. Nav-kontoret tilbyr også å forvalte privatøkonomien for ein kortvarig periode, gjennom avtale om interimskonto. Nav-kontoret kan hjelpe med å søkje om verje dersom brukar ikkje evnar å forvalte eigen økonomi over ein langvarig periode. Dersom nokon mottak trygdeytningar som arbeidsavklaringspengar eller uførepensjon kan Nav-kontoret, som siste løysing, søkje om tvungen forvaltning for å sikre at vedkommande ikkje mistar sin eigen bustad grunna manglande betaling av husleige eller bustadlån. Viss ein mister bustaden sin og ikkje har ein stad å sove komande natt er Nav-kontoret pliktig til å skaffe ein mellombels bustad.

Det er ein del som flytter ofte innanfor Lindås kommune. Årsaka er mellom anna at dei har flytta inn i for dyr bustad, har disponeringsvanskar eller kanskje inntektsnedgang som fører til utkastning/sal av bustad. Dette gjeld både familiar med små barn og einslege. Mange einslege, både unge og vaksne slit med å finne rimelige bustader og blir buande mellombels hjå slekt og venner fram til dei finn eigna husvære. Vi ser at det også er mange einslege som bur lenger enn dei avsette 3 år i kommunal bustad. Opp mot eit 20-tals bustadar har hatt same leigetakar i mellom 3-12 år.

NAV ser at for målgruppa med vanskeleg økonomi er behovet store, rimelige bustader for familiar, små hyblar til dei unge og akutte bustadar som gjerne må byggjast robuste.

Dei store familiare, særleg med einsleg forsørgjar, slit med å finne rimelige bustader på den private leigemarknaden til ein pris dei kan klare med eiga inntekt. Det er også få små hyblar eller bukollektiv for unge i Lindås kommune. Dette gjer at unge blir buande hjå venner og slekt, eventuelt flytter til Bergen kommune der tilbodet er større.

Nav pliktar å gje tilbod om akutt bustad. Lindås kommune har ikkje eigne akutte bustader. Dette fører til at Nav-kontoret er avhengig av campingplassane sin kapasitet og samarbeidsvilje. Om sumaren er det fullt på campingplassane/hotell og det er vanskeleg for Nav-kontoret å finne aktuelle bustader. Ei anna side ved dette er at mange av dei som har behov for mellombels bustad også har rusliding og/eller psykisk liding. Dette gjer at campingplassane ikkje ønskjer å ta imot dei. Det er ikkje vanskeleg å skjønne at dette også kan vere utfordrande for feriegjester og andre som bur på campingplassane.

Gjennomgangsbustader for familiar bør ha tilgang til eit forsvarleg kollektivt transporttilbod og ligge i gangavstand til butikk. Hyblar/bukollektiv bør liggja spreidd slik at det ikkje blir ei belastning for naboar og nærmiljø. Akuttbustadar bør liggje i nærleiken av godt kollektivtilbod, men likevel noko skjerma frå tette bustadfelt og sentra. Bustadbehovet hjå denne målgruppa er mellom anna hjelp

med disponering av eigen økonomi, buoppfølging og hjelp til å bli økonomisk sjølvstendig gjennom bustønsordninga.

Nokon mister sin eigen bustad grunna dårlig buevne og har vanskar med å skaffe ein ny bustad. Mange treng buoppfølging, men fyller ikkje vilkår for å få vedtak om buoppfølging fordi dei ikkje tilfredstiller helsekriteria for dette. Til dømes ungdom som bur heime over lengre tid eller som nett har avslutta oppfølging/tiltak frå barnevernet. Dei slit med å flytte ut i ein eigen bustad fordi dei ikkje veit korleis å bu.

Store familiar med mange barn har så store livsopphald- og buutgifter at det ikkje er mogleg for dei å bli sjølvhjelpne. Det er difor behov for kommunal bustønad for slike familiar slik at dei klarar seg sjølve, og ikkje blir avhengige av stadig å søke om støtte frå NAV. For dei med låg inntekt er det vanskeleg å bli sjølvhjelpne når godkjente buutgifter for berekning av bustønad ikkje er i samsvar med prisane i den private marknaden. Desse blir då avhengig av sosialhjelp.

Det er mange som ikkje kjenner til tilboda i kommunen, og det er difor viktig å sikre at alle har den naudsynte kunnskapen.

## **Flyktningar**

I Lindås kommune sin økonomiplan er flyktningar, i sær einslege mindreårige, ei prioritert gruppe i innværande periode, sjå «Plan for auka busetjing av flyktningar i Lindås kommune 2016-2019», vedteke i kommunestyret 16.juni 2016 (SAK 030/16).

Flyktningane har oftast eit ynskje om å bu sentrumsnært med gåavstand til skule og barnehage då dei sjeldan disponerer eigen bil. Det er ikkje slik at flyktningane sjølv kan velje kor dei vil bu i kommunen. Vi ser likevel at dersom bustaden dei vert tildelt ligg for langt unna sentrale strom med butikk og anna service, vil dei etter kort tid søke om flytting til annan bustad. Å finne rett bustad med ein gong sparar kommunen for mykje tid og ressursar. I mange tilfeller opplever vi at familiegjenforening skjer etter ei tid og behovet for bustad endrar seg. Per i dag har vi ikkje oversikt over dette før vedkommande flyktning melder frå om familiegjenforening etter innflytting. Gjennomstrøminga i bustader med flyktningar er jamt over låg. Husleigekontraktane vert ofte forlenga ut over tre år.

Einslege mindreårige flyktningar vert busett i såkalte butiltak. Vi har per i dag tre tiltak i Isdal, Alver og Knarvik md plass til 5 personar på kvar plass. Vi har også to ungdomar som bur på hybel med tilsyn.

Det bustadsosiale knytt til denne gruppa handlar vel så mykje om integrering som om busetjing. Prosjektgruppa ser at det er eit stort behov for butrenging hjå enkelte grupper. Dette kan bidra til meistring og større grad av sjølvstende. Det er stort potensiale hjå denne gruppa til å aktivt gå ut og skaffe eigen bustad dersom dei får god rettleiing og hjelp ei stund før leigekontrakta går ut.

## **Familiar med born**

Lindås kommune har i dag fleire bustader som eignar seg for barnefamiliar. Ved behov leiger kommunen inn aktuelle bustader og kan evt framleige desse. Ein mangel ved samtlege bustader som kommunen diponerer er at dei ikkje har universell utforming. Dette er i nokre tilfelle ei stor utfordring. Kommunen må leige inn eigna bustader til dei som treng det.



Eit overslag viser at dei fleste bur lenger enn dei avsette 3 åra i same husvære. Nokre få familiar bur svært lenge i kommunal bustad. Vi har tilfelle der same familien har budd 12 år i same kommunale bustad. For låg gjennomstrøyming i dei kommunale bustadene gjer at kommunen må investere i fleire bustader eller leige inn etter behov. De siste åra ser vi at det er eit stort udekket behov for familieleiligheter/husvære i trygge og gode bumiljø. Familiar med låg inntekt og utfordrande økonomi vil i liten grad gje seg til kjenne, men vi ser at behovet melder seg gjennom søknader på startlån og forkjøpsrett på rimelege husvære med fleire soverom. Det er vanskeleg å talfeste framtidig behov for bustader til denne gruppa. Bustadkontoret ser at 3-roms husvære er svært fleksible med tanke på ulike prosjektgrupper og vil vere ei god investering som kan dekke fleire behov. Per i dag ligg dei fleste bustadene tilpassa familiar i søre del av kommunen, kring Alver, Isdal og Knarvik. Dei fleste ynskjer å bu sentralt med kort veg til daglege gjeremål. Mange har ikkje bil tilgjengeleg. Det er difor bustader knytt til sentra i kommunen som vil vere mest aktuelt for målgruppa. For framtida kan også området Leiknes –Hjelmås bli aktuelt med tanke på nærleik til skule, barnehage og kollektivtilbod.

## Ungdom

Lindås kommune har pr i dag har ikkje noko eige bustadtilbod som er øyremerka ungdom. Vi har svært få hyblar og små husvære i kommunal eige. I kommunal bustadsosial samanheng er gruppa ungdom så å seie ikkje eksisterande. Dei fleste leiger hyblar privat og er ikkje i kontakt med bustadkontoret eller NAV. Vi har likevel tilfelle der kommunen framleiger til ungdom som har vore under barnevernet og treng støtte til å komme seg inn på bustadmarknaden.

Innanfor gruppa ungdom/unge vaksne finn vi mange som ikkje får vedtak på at dei treng hjelp og difor heller ikkje har rett på støtte frå NAV eller kommunen. Denne gruppa har ofte liten evne til sjølv å skaffe seg bustad eller bli buande i eige husvære. Mange bur hjå foreldre over lengre tid grunna vanskeleg personleg økonomi og/eller manglande arbeid. Denne gruppa kjem ikkje til syne før ein har eit konkret tilbod retta mot målgruppa, som t.d. prosjektet Hordasmibakken. Der har unge mellom 18-35 år fortrinn på kjøp av husvære. Kommunen ser at det er eit stort underkommunisert behov for denne typen bustader. Behovet hjå denne gruppa er små og rimelege husvære sentralt i kommunen.

## Framtidig behov for bustader

Framtidig behov for bustader (2017-2021)			
Målgruppe	Status bustader	Behov i planperioden	Type bustad
Funksjonshemma	45 (8 bur i eigen bustad, men mottek tenester frå kommunen)	5 + 10 (privat marknad)	Omsorg pluss og tenester i heimen
Rus/Psykiatri	12	10 (6 av desse robuste)	Omsorg pluss, Robuste bustader
Akutte bustader (NAV)	0 (kvalitetsavtale med campingplassar)	2	Liten leilighet, hybel, 1 tllknytta bemanning
Unge/Ungdom	1 (innleigd)	4	Små billige husvære, hyblar
Familiar med born		6	Større leiligheter, sentralt og rimeleg
Eldre	89	20 (9)	Omsorgsbustader (Omsorgsbustader pluss i neste periode)

### Økonomiske konsekvensar

Ut frå tabellen over ser vi at det er stort behov for robuste bustader. Eining for funksjonshemma har også behov for større kapasitet når de gjeld omsorgsbustad pluss (bufelleskap). Her er også noko planlagt inn i den private marknaden med tenester frå kommunen inn i bustaden.

For eldre har kommunen relativt god kapasitet slik status er no. Dersom ein skal følgje prognosane for folkeauke og levetid vil vi fram mot 2020 vere godt dekkja når det gjeld omsorg pluss for eldre, men manglar tilrettelagte bustader der dei eldre kan bu utan heildøgns bemanning. Dette avheng også av bustadtrender og kor mykje den private marknaden kan legge til rette for av universelt tilgjengelege bustader.

Lindås kommune må vere rusta for å setje i gang fleire prosjekt for vanskelegstilte i kommunen i komande periode. Robuse bustader og omsorg pluss for funksjonshemma er tydelegast fremma. Dei mest sårbare gruppene som barnefamiliar med vanskeleg økonomi, treng bustader som er rimelege og sentrale. Det er viktig at familiebusadene kan vere ein trygg base over tid, slik at ein unngår hyppig flytting så langt som råd.

Tabellen under viser eit oversyn over økonomiske konsekvensar av tiltak i handlingsplanen:

Tiltak med midlar avsett i økonomiplan 2017-2020								
Tiltak	Prosjektkostnad	Når	Ressursbehov	Finansiering (mnok)				Kommentar
				17	18	19	20	
Omsorg pluss (Robuste bustader)	13,7 mill	2017-2018	13,7 mill	7	6,7			3 mill frå 2016 er ikkje nytta.
Omsorg pluss (Bufellesskap)	16 mill	2017-2018	16 mill	5	11			
Tiltak med midlar avsett i økonomiplan 2018-2021 (ikkje vedtatt)								
Tiltak	Prosjektkostnad	Når	Ressursbehov	Finansiering				Kommentar
				17	18	19	20	
Akutte bustader	2 stk bustader vert omgjort til akutte plassar	2017-2018	Løpande vedlikehald					
Omsorgsbustad pluss for eldre	Vurdere behov for 8-10 einingar	2020	300 000				300'	Kartlegging av behov
Unge/Ungdom	4 stk små husvære/hyblar	2019	200 000				200'	Midlar til konkurransegrunnlag
Familiar med born	6 stk større leiligheter (4-roms)	2020	200 000				200'	Midlar til konkurransegrunnlag

## Kompetanse og samhandling

Det er gjennomført ei kartlegging av korleis det bustadsosiale arbeidet er organisert i Lindås kommune som ein del av arbeidet med bustadsosial handlingsplan. Kartlegginga er gjort ved hjelp av materiell utarbeidd av Husbanken.

Det har ikkje vore prosjektet si oppgåve å legge fram forslag til endring av organiseringa av arbeidet i Lindås, men snarare få oversikt over kva for aktørar som gjer kva for oppgåver. I dei foregåande kapitla er det gjort greie for oppgåvene de i ulike instansane har, knytt til det bustadsosiale arbeidet i kommunen. I gjennomgangen av dei ulike rollene vart det avdekka områder der det i dag er uklart kven som har ansvar og plikt til å følgje opp. Under følger hovudfunna frå kartlegginga:

- Det er stort behov for å tydeleggjere ansvar og roller mellom kontor og avdelingar/einingarsom arbeider med vanskelegstilte grupper.
- Når det gjeld lokalisering av bustader og tomter er det liten grad av formalisert kontakt mellom utøvande einingar, planavdelinga og bustadkontoret. Behovet som er synleg hjå dei utøvande når ikkje fram til der avgjerslene om lokalisering og kjøp av tomt eller bustad vert gjort.
- Oversikt over bustadbehovet er delt på tre einingar; NAV, Bustadkontoret og Forvaltningskontoret.
- Vi manglar eit lågterskel forebyggande tiltak for gruppa unge utan vedtak som kan ta for seg hjelp med økonomirådgjeving og praktisk hjelp knytt til det å bu i eigen bustad.
- Det er lite formalisert koordinering mellom einingane. Kontakt skjer gjennom enkeltsaker.
- For gruppa flyktningar manglar vi tydelege rutiner for korleis skaffe bustadar til denne gruppa. Per i dag melder flyktningetenesta eit behov og bustadkontoret finn eigna bustad. Behovet for bustad endrar seg ofte ved familiegjenforening.
- Det er tradisjon for informasjonsutveksling mellom heimeteneste og bustadkontor knytt til behov og forebyggande tiltak i heimane. Dette samarbeidet kan med fordel utviklast og formaliserast med klare rutiner.
- Lindås manglar eit lågterskel butreningsstilbod for dei som treng det. Målgruppe kan variere frå ungdom/unge, flyktningar og personar med rus og/eller psykisk lidning (korleis bu – i praksis).
- Økonomisk rettleiing gjerast av både NAV og Bustadkontoret. Dei to kontora har ulike plikter og formål med rådgjevinga.
- Vi har mange avslag på startlån i kommunen. Behovet for økonomisk bistand er aukande.

## Handlingsplan med mål, strategiar og tiltak

Mål		
«I Lindås skal alle ha trygge og helsefremjande butilhøve»		
BUSTADTILBOD		
Strategiar	Tiltak	Ansvarleg eining
<ul style="list-style-type: none"> <li>Sikre at Lindås kommune bidreg til å dekke dei reelle bustadbehova for vanskelegstilte i kommunen</li> <li>Sikre at Lindås kommune har eit bustadtilbod og tenester knytt til å skaffa bustad til særleg utsette grupper</li> <li>Sikre ei heilskapleg og behovsretta utvikling innan bustadsosial utbygging</li> </ul>	<p><b>80% av kommunale bustader har nærleik til dei 3 sentra (Lindås, Ostereidet, Knarvik) i kommunen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Tomtar sentralt i Knarvik til robuste bustader</li> <li>Sikre nytt prosjekt for personar som har vanskar med å komme inn på bustadmarknaden</li> <li>Omsorg pluss</li> </ul>	Plan og eigedom i samarbeid med utøvande einingar
	<p><b>20% av kommunale bustader byggast i distriktet ut frå behov</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Tomt med skjerma lokalitet tilpassa utviklingshemma/utfordrande åtferd</li> <li>Andre ved behov</li> </ul>	
	<p><b>Bygge 6 robuste bustadar i Knarvik</b> med personallokale i nærleiken (1 vurderast reservert til akutt)</p>	Plan/Eining for eigedom og avdeling psyk helse/rus
	<p><b>Setje i gang 2 nye prosjekt i løpet av planperioden</b> Kapasitet: 10 einingar, 4 hyblar reservert unge</p>	Eining for Eigedom/Bustadkontoret/Plan
	<p><b>Omsorgsbustader pluss for personar med utviklingshemming</b> 6 stk i distrikt, 1 akutt/avlastning.</p>	Eining for eigedom/avd. for funksjonshemma
	<p><b>Oppdatere kvalitetsavtale for minst 1 akutt bustad</b> (jf. Bergen kommune)</p>	NAV
<p><b>Omsorg + bustad for eldre</b> I planperioden fram til 2021 må det vurderast bygging av 8-10 einingar. Kan gjerast ved ombygging av eksisterande tilbod.</p>	Eining for eigedom og forvaltningskontoret	

Mål		
«I Lindås skal alle ha trygge og helsefremjande butilhøve»		
BUSTADTILPASSING		
Strategiar	Tiltak	Ansvarleg eining
<ul style="list-style-type: none"> <li>Sikre at innbyggerane kan bu lengst mogeleg i eigen heim</li> </ul>	<b>Sikre mogelegheit for akutt bustad i tilknytning til omsorg pluss bustad</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Universell utforming på alle nye bygg</li> </ul>	Eining for eigedom og forvaltningskontor
	<b>Vidareutvikle og forbetre etablert gruppe for bustadtilpassing</b> Formalisere og dokumentere metodikk, prosessar og rutinar mellom bustadkontor, drift og ergoterapeut	Bustadkontoret

Mål		
«I Lindås skal alle ha trygge og helsefremjande butilhøve»		
BUSTADRETTLEIING		
Strategiar	Tiltak	Ansvarleg eining
<ul style="list-style-type: none"> <li>Sikre god burettleiing til dei som treng det</li> </ul>	<b>Prioritere førebyggjande økonomirettleiing</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Marknadsføring av økonomisk rådgjeving; «Økonomiglede» gjennomførast i ungdomsskulen. Opprette dialog med Oppvekst knytt til samarbeid med skulen</li> <li>Fadderordning via frivillig sentralen – Lågterskeltilbod til unge som treng hjelp/oppfølging vedrørande. økonomi og korleis bu åleine, også flyktningar.</li> <li>Gjere retten til økonomisk rettleiing kjent i alle sektorar av kommunen; kundesenteret og internett som formidlingskanal. Forbetre malar for brev.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>NAV</li> <li>Frivilligsentral/ Flyktningetenes ta</li> <li>Leiar kundersenter, informasjonsrådgjevar, NAV og Bustadkontoret</li> </ul>
	<b>Styrke og avklare rolla sosialvaktmeister</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Lågterskeltilbod i bustadar som treng det</li> <li>Skal gi hjelp og rettleiing når det gjeld vedlikehald og orden i og rundt bustaden.</li> </ul>	Eining for eigedom/ avd psyk helse/rus
	<b>Praktisk butrening: «Korleis bu» med tolk, 2-5 timar i bustaden.</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Opplæring i «korleis bu» for mellom andre unge og flyktningar</li> </ul>	Eining for eigedom/ /flyktningkontoret

Mål		
«I Lindås skal alle ha trygge og helsefremjande butilhøve»		
SAKSHANDSAMING OG ORGANISERING		
Strategiar	Tiltak	Ansvarleg eining
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre heilskapleg handtering av bustadsosiale utfordringar i kommuneorganisasjonen</li> <li>• Sikre at Lindås kommune jobbar målretta med bruk av offentlege verkemiddel for å realisere mål og strategiar</li> </ul>	<b>Arbeide med rolle- og ansvarsavklaring</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Gjennomføre verdistraumsanalyse</li> <li>○ Sikre at verdistraumsanalysa kjem på høring til aktuelle einingar</li> </ul>	Kommunalsjef Helse og omsorg og ass.rådmann
	<b>Sikre gode, rett-tidige prosessar og overgangar mellom ansvarlege aktørar i kommunen til beste for brukaren - «ei dør»</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Utarbeide rutinar mellom dei aktuelle samarbeidspartane for å sikre gode overgangar for innbyggjarane våre</li> <li>○ Oppfølgingsskjema - «kva er utført»</li> <li>○ «Stafettholdar» - opplegg frå Oppvekst, ein person «eig prosessen» til ei kvar tid. Innføre denne metodikken innan det bustadsosiale feltet.</li> <li>○ Utarbeide nettside som viser kva dei ulike instansane kan tilby</li> </ul>	Einingsleiar helse, einingsleiar eigedom og NAV kommunale tenester
	<b>Arbeide for at bustadstøtteordningar i kommunen er tilpassa prisnivå i marknaden</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Lindås kommune søker Husbanken om annan sone for bustøtte</li> </ul>	Bustadkontoret
	<b>Gi førebyggjande økonomisk rådgjeving med info om støtteordningar</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Medverke til at brukaren har eit haldbart budsjett og har moglegheit til å disponere pengane sine. Gje god informasjon om støtteordningar og konsekvensar av mislighald. Oppretthalde god dialog mellom NAV og bustadkontoret i desse sakene.</li> </ul>	NAV Bustadkontoret



## Kjelder

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2014):  
*Bolig for velferd - Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid (2014–2020)*

Lovdata (2016)

Norges Offentlige Utredninger (2011)  
NOU 2011:15 Rom for alle – en sosial boligpolitikk for framtiden

Statistisk sentralbyrå (2015)  
*Inntekts- og formuestatistikk for husholdninger*

Statistisk sentralbyrå (2016)  
*Tabell: 04912: N. Bolig – nøkkeltall (K)*

Lindås kommune (2016)  
*Helsetilstand og på virkningsfaktorer Lindås kommune, vedlegg til rapport*

Lindås kommune (2016)  
*Økonomiplan 2017-2020*

Avdelingar i Lindås kommune som har bidratt i arbeidet:

*Planavdelinga*

*Forvaltningskontoret*

*Bustadkontoret*

*Eining for eigedom*

*Eining for funksjonshemma*

*Avdeling for psykisk helse og rus*

*Nav kommunale tenester*

*Nav flyktningetenesta*

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Formannskapet	PS	
030/17	Levekårsutvalet	PS	25.04.2017
017/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	24.04.2017
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Therese Urdahl Braseth	15/278

## Byggeprogram ny Alversund skule

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

<SKRIV INN RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG HER (mellom overskriften og prikkelinja)>

.....

### Saksopplysningar:

#### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i (Stryk det som ikkje passar) Administrasjonsutvalet, Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Levekårsutvalet, Plan- og miljøutvalet, Formannskapet

Saka skal til innstilling i (Stryk det som ikkje passar) Levekårsutvalet, Plan- og miljøutvalet, Formannskapet

Saka skal avgjerast i (Stryk det som ikkje passar) Levekårsutvalet, Plan- og miljøutvalet, Formannskapet, Kommunestyret

### Bakgrunn

### Vurdering

